


# BERGSLAGEN

Sunde kyst- og litteratursenter



*Camilla Fonneland Sandberg*

SLUTTRAPPORT FRÅ  
FORPROSJEKTET

# SŁUTTRAPPORT FRÅ FORPROSJEKTET

## INNHOLD

### Forord

1.	Visjon .....	6
2.	Bakgrunn .....	7
3.	Prosjektet.....	9
4.	Forprosjektet .....	12
5.	Meir om historia .....	13
6.	Aktivitet .....	24
7.	Oppgradering og ombygging (med budsjett og teikningar).....	26
8.	Organisering.....	32
9.	Samarbeidspartnerar .....	33
10.	Drift av senteret (med budsjett).....	33
11.	Effektar .....	34
12.	Mogeleg organisasjonsform .....	35
13.	Mogelege finansieringskjelder .....	36
14.	Framdrift .....	37
15.	Oppsummering og tilråding .....	38

### Vedlegg

a.	Kommunalt vedtak om Sunde som senter for kystkultur i Kvinnherad (10.4.1991) .....	40
b.	Kystkulturskulen i avisas Kvinnheringen (27.4.2009) .....	43
c.	Brev frå Stavanger Museum om Sunde som første plass i landet med hermetikkindustri (20.10.2009) .....	45
d.	Saksframlegg frå Kvinnherad kommune om kjøp av Bergslagen (3.6.2010) .....	46
e.	Kart over Sunde med spesialområdet for vern (21.9.2010) .....	50
f.	Driftsavtale med Kvinnherad kommune (4.1.2011) .....	51
g.	Utdrag frå Samarbeidsrådet for Sunnhordlands Plan for idrett, friluftsliv og idrett, 2009-2013 (2011) .....	53
h.	Hordaland fylkeskommunes motsegn til Riksantikvaren om kommunens reguleringsplan for Sunde (29.3.2012) .....	57
i.	Tilsegn frå Hordaland fylkeskommune om eittårig LivOGlyst-prosjekt for 2014 .....	61
j.	Kulturoppslag om Bergslagen i lokalaviser .....	62



Perspektivteikning av nye Bergslagen, Sunde Kyst- og Litteratursenter, av Ole Rømer Sandberg

## FORORD

Sidan 1991, då idéen vart sak i Kvinnherad kommune, har ein arbeidd målmedvite med å byggje omdømet til strandstaden Sunde som satsingsstaden for kystkultur og som kystkultursenter for kommunen. Og i 1997 vart strandstaden i kulturminneåret kåra til det offisielle kulturminnet for Kvinnherad kommune. I 1999 blei boka «Ei soge om Sunde» av Jostein Røstbø, gjeven ut av Sunde grendalag, og i 2004 vedtok kommunen ein stadanalyse for Sunde, som hovudsakleg var sett i gang for å finne ei lokalisering til kystkultursenteret.

I prosessen med stadanalysen tilrådde ein å sjå på heile Sunde sentrum, eller heile strandstaden, som senter for kystkultur. Men kystkultursenteret materialiserte seg først då kommunen kjøpte vervaplassen Bergslagen i 2010 som ein heim for både materiell kystkultur og sunnhordlandsitteraturen, den immaterielle kystkulturen. I uminnelege tider har Sunde vore ein viktig stad for båtbygging, sjøfart og fiske, og i glansdagane var Sunde den nest største tettstaden i regionen med pionerar innan hermetikkindustri og det største trebåtbyggeriet i landet. Norsk Hermetikkmuseum i Stavanger har stadfesta at Sunde kan sjåast på som "Hermetikkindustrien si vogge" og staden har dermed nasjonal verdi. Skjønnlitteraturen i regionen er eit særige fenomen, også med nasjonal status og interesse. I 2012 vart stiftinga formelt til Sunde Kyst- og Litteratursenter, og det blei vedteke å arbeide vidare gjennom forprosjektet som her ligg føre. Bergslagen skal vere navet i utviklinga av heile Sunde, eit senter for kystkultur, og eit nyskapande litterært senter. Arbeidet med forprosjektet er finansiert av Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommunes kulturutviklingsprogram og Regionalt Næringsfond forvalta av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.



*Dronefoto av Strandstaden Sunde og Bergslagen 2014. Foto: Vidar Håland*

## 1. VISJON

Sunde Kyst- og Litteratursenter, som vert kalla Bergslagen, skal dokumentere og formidle både den materielle kystkulturen og litteraturen, både ”båtar og bøker”, og vere ein læringsarena, eit levande museum og ein samlingsplass i fleire tydingar av ordet. Vi vil arbeide for å ta vare på og utvikle strandstaden Sunde som eit nasjonalt kulturminne gjennom å etablere Sunde Kyst- og Litteratursenter som ein profesjonell institusjon, og slik leggje til rette for vidareføring, styrking og skaping av verdfull aktivitet.



Dronefoto av Bergslagen 2014. Foto: Vidar Håland

## 2. BAKGRUNN

Strandstaden Sunde blei i kulturminneåret 1997 kåra til kulturminne for Kvinnherad. Industrihistoria her er særeigen i landsmålestokk; det er truleg den første plassen i landet med hermetikkindustri, alt frå 1866 av. Staden voks fram med landbruk, fiske, handel, handverk og sjøfart, og busetting rundt desse verksemdene. Sunde har også svært lenge vore eit senter for båtbygging, både av større og mindre båtar.



*Strandstaden Sunde. Foto: Jostein Saghaug*

Sunde har gjennom åra mista mange verksemder. Eit nytt fokus på staden gjennom å setje det på kartet som eit nasjonalt kulturminne, vil kunne gje nytt liv til bygda. Då vil det at staden har vore i bakevja i mange tiår faktisk kunne bli snudd til ein fordel, fordi eit gammalt bygningsmiljø framleis er intakt. Vi vonar at Kyst- og Litteratursenteret vil kunne skape positive sosiale og kulturelle ringverknader.



Jonas Lie



Ragnvald Vaage

Sunnhordlands litteraturen er ein sentral del av den norske litteraturen. Forfattaren Ragnvald Vaage budde og arbeidde på Sunde. Jens Tvedt er ein annan klassikar frå Kvinnherad. Jonas Lie er knytt til området gjennom at faren var sorenskrivar i Sunnhordland og budde på Husnes. Litteraturen i Sunnhordland er rik og levande med mange gonger så høg "forfattartettleik" som andre stader i landet. Eit senter for Sunnhordlands litteraturen har lege i korta lenge og vi er godt i gang med å skape dette senteret.



4 programforsider til program laga av Geir Berntzen, SØRAL

## Gamle Kvinnherad



### Sunde

*Eit bilde med sommarleg preg. Slik såg det ut på Sunde 20. juli i 1957. Det er Ralf Stahlke som har lånt oss ein heil album frå den sommaren. Mange godblar for dei som huguar korleis det var når dette var handelssenter og knutepunkt, og ikkje minst for dei som berre har hørt om det.*

Foto frå sommaren 1957, lånt ut av Ralf Stahlke

## 3 PROSJEKTET

Det har vore arbeidd lenge for å få til eit kystkultursenter på Sunde. I 2003 blei "Stiftinga Sunde kystkultursenter" etablert med formål å samle inn og formidle kunnskap om kystkulturen i kommunen og regionen Sunnhordland. Med bakgrunn i "Stadanalyse for Sunde" i 2004 sa Fylkeskommunen at Sunde sentrum har et miljø med kulturminneverdi. Sjølv om kystkultursenteret ikkje hadde nokon stad å vere, vart det gjennom fleire år gjort eit omfattande arbeid med kystkulturdagar og andre arrangement. I 2007 oppstod idéen om at litteraturen i området også kunne sjåast på som kystkultur, og dermed integrerast i det planlagde kystkultursenteret. Litteraturen er "immateriell" kystkultur - ein del av kystkulturen som UNESCO har sett på dagsorden - og dermed ein viktig del av dette arbeidet. Denne idéen vart vel motteken, ikkje minst fordi den vil gjera tiltaket unikt i Noreg. Det å ha to bein å stå på, litteratur og annan kystkultur, vil gje rom for nyskapande formidling av begge delar. Omlag samstundes tok båtbyggjar Andor

Tveit kontakt med Kvinnherad kommune med framlegg om at dei kunne få kjøpe båtbyggeriet hans, Bergslagen, og bruke dette til kystkultursenter. I 2010 kjøpte kommunen Bergslagen til formålet, og det vart gjort ein avtale om bruk og drift mellom Sunde Kystkultursenter og kommunen. No gjekk arbeidet inn i ein ny fase. Frå og med 2010 held stiftinga hus i båtbyggeriet Bergslagen og har skifta namn til Sunde Kyst- og Litteratursenter.



I 22 år har det vore arrangert kystkulturdagar på Sunde. Her Bergslagen i 2011. Foto: H. Bramness

Eit viktig mål har vore å ha høg aktivitet alt i planleggingsfasen, og ikkje venta til ombygginga og opprustinga av Bergslagen er ferdig. I ganske provisoriske lokale har det såleis vore fleire særmerkte arrangement som har blitt støtta av Norsk Kulturråd, Norsk Forfattersentrum, Folkekademiet i Hordaland, diverse forlag og lokale verksemder. Arrangementa har trekt fulle hus. Senteret har t.d. hatt vitjing av Tore Friis-Olsen fra Forbundet Kysten, direktør for Nynorsk kultursentrum Ottar Grepstad, sentrale forfattarar som Cecilie Løveid, Torgeir Schjerven og Jon Michelet, skodespelar Hildegun Riise og felespelar Nils Økland. Vi ser på utveksling og formidling som svært viktige oppgåver for senteret og vi ønskjer å styrke det nasjonale og internasjonale brubyggingsarbeidet.

Sunde Kyst- og Litteratursenter, Bergslagen, samarbeider med fleire lokale lag og foreiningar som også brukar senteret. Lokala har t.d. vore nytta til selskap og utstillingar. Vi ser på skulen som den mest sentrale samarbeidspartneren. Sunde skule er ein føregangsskule når det gjeld undervisning i kystkultur og lokalhistorie.

Mange er dei som har jobba dugnad på Berslagen, og båtfolket nyttar slippen og plassen til vedlikehald av båtar og motorar. Det er eit mål at all denne aktiviteten skal halde fram, også når andre aktivitetar kjem til.

På lengre sikt er prosjektet todelt. På den eine sida dreier det seg om å få i gang og drive kyst- og litteratursenteret, Bergslagen, og på den andre å utvikle heile bygda til ein pulserande stad bygd på historisk og kulturell grunn.

I Stadanalysen for Sunde (vedtatt av Kvinnherad formannsskap 9.9.2004) heiter det: "Sunde har på grunn av si historie eit eineståande utgangspunkt for å vidareutvikla strandstaden og gje kystkultursenteret ein plass i eit levande kulturmiljø. Kystkultursenteret er ein synteze av dei einskilde bygningane og det kulturmiljøet det er ein del av. Skal kystkultursenteret ha mening over tid må difor kulturmiljøet takast vare på og all utbygging må skje med dette som dei styrande kriteria."



*Strandstaden med ein viktig del av det verneverdig miljøet, Kystkulturdagane, 2011*  
Foto: H. Bramness

## 4 FORPROSJEKTET

Forprosjektet for senteret har vore organisert slik at styret for "Sunde Kyst- og Litteratursenter" er styringsgruppe og prosjektansvarleg. Folk derifrå har vore med forprosjektleiar Hanne Bramness (underteikna) på synfaring og orienteringsmøte på andre kystkultursenter og fylkeskomunale og statlege kontor. Det blei oppretta to hovud-prosjektgrupper, den eine samansett av folk med kompetanse på kystkultur i nærområdet (delvis nasjonalt forankra i Forbundet Kysten). Den andre gruppa er interkommunal og arbeider med litteratur, der både Sunnhordland Museum og Høgskolen Stord/Haugesund, bibliotekarar og forfattarar frå heile Sunnhordland er med. I løpet av forprosjektpersonen har begge grupper sett på det særeigne tilhøvet mellom denne forma for immateriell kystkultur og resten av kystkulturen, og dei har vore med og diskutert utforminga av og innholdet i Bergslagen. Saman er vi komne fram til kva dei viktige måla for arbeidet er. Alle har fått uttale seg om opprustinga av plassen med slipp og verkstad, oppgradering og ombygging.

2012 ga Samarbeidsrådet for Sunnhordland regionale næringsmidlar og Hordaland fylkeskommune såkalla KUP midlar (kulturutviklingsprogrammet) til dette forprosjektet, dessutan fekk vi støtte frå Kvinnherad kommune. I desember 2013 fekk vi løyvd 70.000 i LivOGlyst-midlar frå fylkeskommunen, og strandstaden med Bergslagen er såleis komen inn på deira program.



Dugnadsgjengen i november 2011. Foto: Øystein Herskedal

## 5 MEIR OM HISTORIA

### a) Den materielle kystkulturen

Strandstaden Sunde vokser fram på 1800-talet. Før den tid fantes båtbygging, fiske og sjøfart, slik det har vært i uminnelege tider. I 1896 ble Halsnøybåten fra 300-400 år e. Kr. funnet i ei myr i Toftevågen. Båten er en plankebygd færing på ca. 5 meter. Dette er et av dei eldste båtfunna i Skandinavia.



Frå ca 1910 fekk dampskipa stoppestad på Sunde. På bildet dampbåten til Herman Valvatne, 1905  
Foto: Severin Kannelønning

Det finst også mykje eldre spor etter menneske i området, som t.d. gravrøysene i Bjellandsneset. Bergmålinga i Geithidlaren på Årsand er eineståande i Norden. Blant over 60 bilete dominar ei strålekransa sol. Både røyser og måleri er frå bronsealderen. Det er også funne mindre bronsealderrøyser i Røyrvik og bautasteinar ved Opsangersvatnet frå eldre jernalder. Frå førhistorisk tid og fram til no har menneska i området kome og reist sjøvegen. Bonden her har vore fiskarbonde, og kombinasjonsnæringa har gjort det mogeleg å driva ganske små gardar.



*Brislingflåten ved hermetikkfabrikken. Foto: Jon Sjo, 1950*

Vårsildfiske og folketalvekst er truleg årsak til tettstadutviklinga på Sunde. Bygda hadde naturlege isfrie hamner og låg sentralt til i Sunnhordland, og etterspurnaden etter arbeidskraft og utstyr steig som resultat av sildefisket. Råstoffet måtte også saltast og sikrast. Det vart stadig fleire not bruk, sildesalteri og vervaplassar, og folk kom flyttande til, blant dei Haktor Thorsen som seinare vart hermetikkpioner. Då silda svikta på 1870-talet, tok brislingen over som sals- og eksportvare, men føresetnaden for det var først krydring og røyking og seinare nedlegging av fisken i blekkboksar. Thorsen bygde ei sjøbu til formålet, og for ansjosen sin fekk han mange diplom og medaljar på utstillingar. Men den som utvikla hermetikkindustrien på Sunde til storindustri, var svigersonen, Herman Valvatne, som i 1905 bygde ein stor fabrikk vegg i vegg med den første sjøbua. Bygningane strekte seg då 34 m langs stranda. I 1906 hadde han over 200 personar i arbeid (mange kvinner og born) og eksporterte også produkta sine til Amerika, Australia og New Zealand. I 1911 blei det store murbygget reist med tre nye piper som raga 9 meter over hustaka, eit par år etter tok Chr. Bjelland over. Han bygde endå meir ut og laga også ein ny fabrikk i Gongstø. Sunde var då den nest største tettstaden i Sunnhordland, etter Leirvik.

Rundt 1850 auka det på med jaktbygginga. Vervaplassane vart ofte lagde der dei som tinga båten budde, og båtbyggjarane reiste rundt. Peter Christen Asbjørnsen skildra livleg aktivitet på Opsanger-verven i 1869, der Jonas Lie ofte hadde vanka nokre tiår før. Til denne vervaplassen kom Gravdal Skipsbyggeri mot slutten av hundreåret, og blei ei ny hjørnestensverksemid som sette preg på lokalsamfunnet økonomisk, sosialt og kulturelt i fleire mannsaldrar, frå den første båten (eit bergingsdampskip) blei sjøsett på Opsanger i 1893, til skipsbyggeriet gjekk konkurs i 1978.



*Kvinner i arbeid på hermetikkfabrikken, 1970-talet.*

På Gravdal Skipsbyggeri vart det bygd mange jakter, galeasar, skonnertar og kutterar. Rundt 1910 var det det fremste av dei tre store treskipbyggeria i fylket. Seinare spesialiserte verftet seg på havfiskefarty og ishavsskuter. Utover 1930-talet var det det største treskipbsbyggeriet i landet. Heilt inn på 1950-talet såg ein selfangstskuter med utkikkstønner på Opsangervågen. Det første stålskipet vart sjøsett i 1953. Gravdal Skipsbyggeri klarte seg gjennom mange vanskelege tider, både etter andre verdskrig og på 30-talet, og arbeidarrørsla voks då fram på Sunde og sette også sitt preg på bygda



*Halvmodell frå Gravdahl Skipsbyggeri. Foto: H. Bramness*

Senteret har fått overta alle dokument, teikningar og halvmodellar etter Gravdal Skipsbyggeri. Det finst vidare mange gjenstandar frå både hermetikk- og skipsbyggingsindustri som må takast vare på for ettertida. Dette er ei viktig oppgåve for Sunde Kyst- og Litteratursenter.



Sjøsettinga av båten "Offerdahl" på Bergslagen på 50-talet. Foto: ukjent

Bergslagen har si eiga historie som på mange måtar er typisk for Sunde. Staden var lenge nytta til sjøretta verksemd: nord for tomta ligg Jektaberget der jektene ofte låg fortøydde og mot sør var Laberget der båtane vart lasta. På 1890-talet dreiv Ole Larsen Vaage (far til Ragnvald Vaage) med sildesalting og bøkring der, og i 1907 starta Haktor Valvatne ein sildemjøl- og sildeoljefabrikk på same staden, og bygde ut med både maskinhus, fabrikkpipe og eit stort trebygg. Han gjekk konkurs etter tre år. Haugesund Sildeolje- og Fodermelfabrik dreiv fram til 1925 då anlegget brann ned. Plassen låg som eit svart sår i terrenget fram til Lars Tveit bygde huset som står i dag og tok til med båtbygging i 1947. Saman med han arbeidde sönene, og dei bygde trebåtar av fleire slag, seglbåtar, fiskeskøyter, snekker og færingar. "Offerdal" på 70 fot var den største, framleis i drift og god stand. I 1969 tok sonen, Andor, over åleine. I 2009 laga han den sjuande og siste Colin Archer-skøyta si. I 1996 vann han prisen for årets båt under trebåtfestivalen i Risør med ei tilsvarende skøyte, "Skirnir".

### b) Sunnhordlands litteraturen

Det er bortimot førti skjønnlitterære forfattarar som av ulike årsakar må reknast til gruppa av Sunnhordlandsforfattarar, anten er dei herifrå og/eller dei bur eller har budd her; Rune Belsvik, Brit Bildøen, Oskar Stein Bjørlykke, Hanne Bramness, Kristian Bredesen, Helga Gunerius Eriksen, Anne Karin Fonneland, Margunn Hageberg, Atle Hansen, Anders Havnelid, Johannes Heggland, Sigbjørn Heie, Truls Horvei, Ragnar Hovland, Per Jan Ingebretsen, Geir Olav Jørgensen, Per Olav Kaldestad, Roald Kaldestad, Ingvild Kausland, Jonas Lie, Ingvar Moe, Karin Moe, Torborg Nedreaas, Agnes Ravatn, Birger Røksund, Ingelin Røssland, Tor Arve Røssland, Hans Sande, Solfrid

Sivertsen, Bjørn Sortland, Gerhard Stoltz, Arild Stubhaug, Arne Torget, Jens Tvedt, Mona Vetrhus, Eli Vaage, Lars Amund Vaage, Ragnvald Vaage, Einar Økland og Selma Lønning Aarø.

Kan hende kan ein rekne sunnhordlands litteraturen heilt tilbake til Øyvind Finnsson Skalde-spillers kvad, Håkonarmål, som skildrar slaget ved Stord i 961 då Håkon den gode fall på Fitjar? Og kva med dikta til Bjarne Kalvsson i krinsen rundt Erling Skakke på Stødle?



Torborg Nedreaas.  
Foto Aschehoug Agency

Torborg Nedreaas er knytt til Stord fordi ho i oppveksten, frå og med 10-årsalder, budde der i sommarhalvåret. Under krigen flytta ho dit med borna og den halvt jødiske mor si, og gjekk inn i redaksjonen i kommunistavisa Sunnhordland Arbeiderblad. Det er usikkert når ho forlét Stord og flytta til Nesodden, truleg var det i 1949. Stord, eller ein Stord-liknable, stad er ramme for verka til Torborg Nedreaas.

Eit omfattande arbeid må gjerast for å dokumentere og formidle denne litteraturen. I denne forprosjektrapporten er berre eit lite utval av tekstar av sunnhordlandsforfattarene tatt med, som smakebitar eller inngangar til denne litteraturen.

Det er blitt spekulert på kvifor litteraturen i området er så rik og omfattande. Dette veit vi ikkje mykje om. Kanskje står vi overfor eit vestskandinavisk fenomen; litteraturen på Island og Færøyane viser ein tilsvarannde rikdom. Litterært liv synest å karakterisere Sunnhordland som region, og det må vera ei viktig oppgåve å visa denne tradisjonen fram. Eit viktig poeng er at Sunde Kyst- og Litteratursenter blir eit annleis litterært senter. Det finst mange sentra, også i Noreg, for einskildforfattarar, men berre dette eine som viser fram diktinga i ein heil region.



Erik Werenskiold "Slaget på Fitjar"



*Om den seinaste diktsamlinga til Einar Økland skreiv Helge Torvund i Dagbladet: "Ofte har dikta ein gåtefullt smil. Tittelen «Smil utan smilar» kan tolkast som ein smil som er individuell, som ikkje finst i fleirtal, eller som verknaden av ein smil som heng att når den som smilte er borte. Men ikkje minst kan den lesast som ein pendant til boktittelen «Thoughts Without A Thinker» av Mark Epstein, som er ei sofistikert bok om buddhistisk tilnærming til relasjonar mellom menneske." I 2015 vert denne markante forfattaren frå distriktet 75 år og dette skal feirast m.a. på Bergslagen.*

*Foto: Steinar Buholm i Dagbladet 2011*

#### MI SVARTE SKRIFT

Eg skriv mi svarte skrift  
i svarte skogen.  
Svart i augo  
slepper eg svarte ord  
ut over land og hav.  
Eg er inni den svarte natta  
og vil berre ut or meg sjølv.

(Einar Økland, Smil utan smilar, 2011)

På morgenmadrassen  
tom og vengjelaus ligg eg  
med augo opne  
heilt utan ord.  
Ein snigel av tre.  
Men inderleg nøgd  
med å vakne  
så klassisk.

"Eg såg at veggene var malt kvite. Difor var det så lyst her mellom trea. Vindaugo verka for store til rommet, også dei var kvitmalte på nedste halvdelen."

(Einar Økland, *Galskap*, 1971)

---

"Eg sit på ørnehus. Ligg på magen under ei diger hella i ei steinur flekt med snøskavlar dryppa med blod. Eg kom opp myrene, inn på fjellet for fleire timer si, godt kledd. Pels og boa over strasskjolen med lang splitt. Ute lenge før ramnane vaknar."

(Karin Moe, frå "Fyk 17", 39 Fyk, 1983)

---

Den siste ferja legg ut frå kaien. Eg går med lett sinn  
(etter måten) ned i salongen for å drikka meg litt  
kaffi, mens ulvane står på kaien og hyler og  
blinkar med lysa.

(Ragnar Hovland, "Den siste ferja", *Sjølvord i skilpaddekafeen*, 1989)

---

"Båtbyggjeriet bygde seg opp i meg, ein tru kopi av det som fanst i verda. Slippen kom skrått opp frå vasskanten, med skjener og spel til å draga opp tunge ting med. Større og mindre bygningar, kvitmåla, laga rom inne i meg, og eg visste ikkje noko om kva som gjøynde seg i dei. Halvferdige og skadde båtar låg ved kaien og på land. Spann med mørne og lakk låg slengt ikring, i meg, og restar av hamp stakk ut mellom bordgangane. Materialar låg stabla opp i meg, vakkert lødde, under tak og halvtekker, slik at dei skulle tørka og hardna til. Det stinka sjø og tare, tjøre og roten fisk, og den krydra lukta av nyhøvla eik fylte meg."

(Lars Amund Vaage, *Kunsten å gå*, 2002)

---

"Bakenden var verst å få til. Han skulde vera tverr den, som på ein pram. Og det var neimen ikkje kvar manns sak å få den fjoli der til å falla, både attåt botnen og sidebordi, men sjå um ikkje det gjekk. Gapte litt gjorde det eit par stader, so ein kunde stikka fingeren inn, men dei holi kunde vera nygla so lenge."

(Ragnvald Vaage, *Gutane på Tedneholmen*, 1923)

---

"Ei kvinne sit i os og kav  
ved heimsens ytste strender.  
Ho spinn ein tråd or svartan hav  
og tråden er som gull og rav  
og skjelv i hennar hender."

(Ragnvald Vaage, frå "Eg ligg i døs og huglaus dorm", *Strengspel*, 1914)

---

Ingen veit betre enn du  
kva det kostar å vera til.  
Kulden klorar røtene dine  
med negler av is,  
regnet og sjøroket vaskar deg  
med harde, ublide styvmorshender,  
stormane piskar deg  
med sveper av hagl og snødriv,  
men du klengjer deg fast  
til berget ditt  
og står urikkande  
jamvel når byrge stortre  
må bita i graset.

**Ragnvald Vaage, frå "Røsslyng", Heim frå havet, 1965**

---

"Nå hadde jeg jo symaskin, en trofast gammel symaskin med sveiv. Den levde vi riktignok en stor del av, den hjalp meg å gjøre kunster med andre menneskers gamle klær, og det fikk jeg penger for. Men hva fikk man vel for penger, den gangen? Å jo, lysregningen og alt det. Vel og bra. Gutter i ete-alderen kan lettere unnvære lys enn mat. Og da det meste av all handel foregikk ved en slags vareutveksling, byttet jeg like godt bort symaskinen i en båt. (-) Siden snudde tidevannet, strømmen drog til havs igjen og ville helst hatt med seg båten og meg. Vi stridde imot så det vesle fartøyet dirret. Det var liksom jeg grodde sammen med båten under disse anstrengelsene, så jeg ble fortrolig med den og glad i den av det. For hendene mine var rett og slett grodd fast i årene. Det hadde i løpet av dagen gått hull på blemmene som jeg fikk av denne uvante idretten, så jeg gråt en skvett da jeg slet dem løs."

**(Torborg Nedreaas, frå "I blendingstider", Den siste polka, 1965)**

---

"Det var ein fin vårveld. Vi var utanfor huset og såg utover mot Nordsjøen. Då kom det som i eit glimt der vi stod, vi tre på rekkje. Det var kveldslyset, skuggane og alt. Det var oss tre, men meir enn oss tre var det. Liksom mange rundt oss og bak oss. Det var veldig. Det var stort som heile havet, lik Nordsjøen som låg langt ute og blinka. (-) Og eg gjekk ut i vinden og såg rundt på heile Havneid. Vinden var sterkt. Han strøymde på i full fart. Og alt anna kom også mot meg. Bølgjene ute på fjorden kom. Like eins fjella. Og vegane, trea, husa, så eg pusta djupt. Folk med si steging og snuing strøymde på. Og måsane som skreik. Så eg heiv etter pusten."

**(Oskar Stein Bjørlykke, Vår tid, 2012)**

---

"Men dette unge, friske menneske attåt den gamle, hjelpelause stratten, som måtte i kjerra, både då dei reiste og då dei kom att, - det var mest ikkje likare, en det var syndig åtferd. Og slik ei bisn å sjå: Sjurd i Pål Bakka si mykekjerra og Madli i full brudredunad på eine sida og drengen, som styrke øyken, på hi. Folk visste ikkje anten dei skulle le elder gråta. For slikt hadde korkje vore set elder spurt fyrr – på deira kanter."

**(Jens Tvedt, Madli und' apalen, 1900)**

---

Kviskring frå ein gravplass

Vi trudde vi var fuglar  
og vart krasa i ura  
vi drøymde vi var blomar  
og vart rykte opp med rota  
vi trudde vi var is  
og vart vatn  
trudde vi var vatn  
og turka inn  
trudde vi var jord  
la oss ned og rotna  
Kven vågar kalla seg  
menneske?

\*

Eg er på veg til å verta  
eit menneske:  
i natt gret eg av kjærleik  
til deg.

Her er hendene mine  
Venta du ein  
pianists sitrande spel langs ryggrenna?  
Eg kan bera deg når du er trøytt.  
**(Hans Sande, Strime, 1969)**

---

#### NÅR DU DRIKK VATN

Når du drikk vatn  
så sei det er vin.  
Slaktar du kalven  
så sei det er svin  
- det er ordet som gjer det meste.

Er du ein pusling  
så sei du er troll.  
Har du kje hovud,  
så sei du har tolv  
- det er ordet som gjer det meste.

Sel du på gammalt,  
så sei det er nytt.  
Er du ein snytar,  
så sei du blir snytt  
- det er ordet som gjer det meste.

Skriv "vatn" på tavla  
til tanken blir våt.  
Skru tavla av veggen  
og sei den er båt  
det er ordet som gjer det meste.

**(Per Olav Kaldestad, Når du held om ein draum, 1983)**

---

"I lange, lyse kveldar sat vi i kviskrande samtalar under altanen eller borte ved den store stabbesteinen, høyrdé vindauge bli opna og smelt igjen og ungar ropa inn til kvelds, svarttrosten song vemodige fløyteotonar over dei kvite og blå husa som sto så romsleg mellom bjørketrea."  
(Solfrid Sivertsen, Grøn koffert, 1994)

---

## BÅTEN

Ein gammal båt  
i ei gløymd vik.  
Rusta naglar.  
Flassa maling.  
Nedsliten kjøl.  
Knerodd,  
men stø i vind.

Dette er båten for dei  
som ein gong  
måtte ro.  
(Sigbjørn Heie, Stillferdig landskap, 1976)

---

"Det er ein lysande sommarkveld. Ein går på grå vegar mot grå naust. Fjorden ligg også nærmest grå. Og fjerne fjell og holmar, grått. Likevel er alt i fargar, moge og doggtungt, slik det synest, (-) No er dette ferdig. Nokon har gått gjennom ein kveld g inn i ei natt. Ingen seier noko, men likevel veit alle på sin måte at dette aldri kjem att. Så dumme ting seier ingen høgt. Så dumme og sjølvsagde må ting vera for å kallast sanne."

(Sigbjørn Heie, frå "Ein fisketur", Eple i måneskin, 1977)

---

"Men forklar meg då kvifor Amor ved desse to ungdommane sitt første møte, greidde å fyra av to piler samstundes, som råka blinken i same sekund og med same presisjon, medan det vesle englebarnet berre fann å vilja bruka ei einaste pil den gongen han skaut mot meg."

(Atle Hansen, Sargasso, 2003)

---

"Det sto heilt nakne mot oss. Det duva. Det steig og sokk og steig og steig. Eg hugsar ikkje teksten. Kanskje det ikkje var nokon tekst. Det var mannskoret. Det var ferdene våre. Mennene til mødrane våre. Og eg var viss på at dette var himmelen."

(Rune Belsvik, Guten sin, 1989)

---

"I kveldinga var det lunt på lemen. Då tok ho barnet med seg opp, ho la seg til på dobbeltsenga med brysta sine. Eg tenkte ho minna om katten, at snart ville ho bite babyen i nakken, og bere han ned på sofaen, dinglande, fekk ho ikkje ro. Eller inn i ei skuffe, og vi andre måtte til å leite. Eg lytte gjennom dørsprekka, heldt pusten: Ho la to skjel frå stranda over brystvortene sine."

(Geir Olav Jørgensen, Mono, 2006)

mormor har ein bror som forsvann  
på havet  
ho viser meg bildet  
han står i masta på den store båten  
eg sit i den vesle båten  
vatnet siv inn mellom båtborda

ein dag skulle han koma opp frå bølgjene  
vassa ut av tangen

og heim

(Mona Vetrhus, Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld, 2012)



Omslag til diktsamling av Mona Vetrhus,  
Oktober forlag, 2012

Mange fleire sitat kunne vore tekne med. Berre Einar Økland har ein produksjon på nærmere 80 bøker. Vi vil byggje eit eige hus til sunnhordlands litteraturen, som også skal innehalde originalskrifter og sekundær litteratur.

Døme frå mange viktige bøker for born manglar nesten heilt i denne framstillinga. I hovudprosjektet vil det sjølvsagt sjå annleis ut. Då vil også ein gjennomgang av den munnlege litterære tradisjonen, som dei forskar på ved Høgskolen Stord/Haugesund, verte presentert. Det finst ei rik samling av lokalhistoriske verk i området som også bør finnast på Bergslagen.

## 6 AKTIVITET

Sunde Kyst- og Litteratursenter vil kunne hyse mange aktivitetar, og det gjer det alt no: litteratur- og kulturarrangement, utstillingar om sambandet mellom litteratur og annan kystkultur, dokumentering av kyst- og industrihistorie, ikkje minst hermetikkindustrien.

Sunde skule er ein foregangsskule når det gjeld undervisning i kystkultur og kysthistorie. Samarbeid med skulen om undervisning av ulikt slag, vil vere sentralt. Bergslagen kan vere ein stad der ein kan selje kompetanse til skular i Kvinnherad og andre kommunar. Skrivekurs for born og ungdom er aktuelt i ei tid då styrkinga av den nynorske skriftkulturen er særskilt viktig. Og lesing av litteratur og skriving går hand i hand. Opplæring i båtbygging, reparasjon og vedlikehald, vil bli eit satsingsområde. Verdfull kunnskap om båtar, fiske og lokalhistorie må førast vidare. Bergslagen skal vere eit kompetansesenter for gamle handverk som teinelaging, spleising av tau, klinka saum, salting og røyking av fisk og bokkerarbeid, m.m. Elevane kan få læra om ressursbruken i fortida, ressursbruk no, og korleis ein kan ha ei bærekraftig utvikling for framtida.

Det har i det seinare fleire stader i verda vore fokusert på læring gjennom bruk av hendene ("Wisdom of the hands"), dette er eit område å utforske saman med skulen. Bergslagen kan bli ein eineståande møteplass mellom born og pensjonistar – mellom born og kompetanse. Ungdom som er interesserte i motorar skal kunne ha ein stad å drive med slikt. I krysningspunktet mellom båt- og skriftkultur, begge handverk på sitt vis, vil ny innsikt og aktivitet kunne oppstå. Skuleelevar kan t.d. byggje den båten, "Ormen lange", som gutane byggjer i "Gutane på Tedneholmen" av Ragnvald Vaage.



Frå kystkultur-utstillinga 2011. Foto: H. Bramness



*Konsentrerte tilhøyrarar på Bergslagen-arrangementet i 2011. Foto: H. Bramness*

Ein kan sjå føre seg kursverksemd for ulike aldersgrupper om ulike tradisjonar som naturleg hører heime her. Det er òg snakk om spesielle språk og ord knytte til tradisjonane. Vi vil leggje vekt på historia til kystkvinnna og hennar perspektiv og aktivitetar. Ikkje minst er hermetikkindustriens historie ei historie om kvinner i arbeidslivet. Vi vil også ha skrivekurs for vaksne og gamle.

Samarbeid med biblioteket kan gje rom for ulike typar formidling, noko dei har lang erfaring med, og det kan gje rom for slektsgransking. Dei litterære arrangementa vil gje høve til samarbeid med ulike utøvarar innan musikk, som det er mange av i regionen vår.

Bergslagen skal ha selskapslokale og ein serveringsstad som kan samle folk, særleg lokalt, men det skal også være eit tilbod til gjester og langvegsfarande.

Den unge filmskaparen Merethe Offerdal Tveit er i gang med å lage ein film om historia til "Strandstaden Sunde", om historia til einskildmenneske i ulike generasjonar, og vi trur det kan vere ein stor overleverings- og marknadsføringsverdi i dette. Sunde skule har ved to høve laga skodespel om historia til Sunde. Karina Oppdal og Frøydis Flotve har stått for kvar si framsyning. Dette er viktig arbeid for å spreie kunnskap og interesse.

Vi held fram med det viktige arbeidet med arrangement på Bergslagen, t.d. litteraturarrangement og foredrag om kystkulturen.

Vi trur at Sunde Kyst- og Litteratursenter vil skape liv i bygda. Framtidige aktivitetar på Sunde må bli bygd på tradisjonar og ting som alt finst eller er i emning, og det må bli lagt til rette for fleire verksemder. Bakar er t.d. på jakt etter lokale, andre vil kanskje starte eit galleri, ungdommar ønskjer seg ein utstillingsplass. Vi vil sjå nærrare på korleis Sunde kan bli utvikla gjennom å lokalisere kulturminne, planleggje bustader og aktuelle næringsbygg. Vi ser på det som viktig og naudsynt å ha løpende møte med eksisterende næringsaktørar. Vi trur at mindre verksemder og lokal aktivitet er ein god og framtidsretta modell.



*Strandstaden Sunde 2010. Foto: H. Bramness*

## 7 OPPGRADERING OG OMBYGGING

Arkitekt Ole Rømer Sandberg, som har jobba som konservator i Østfold fylkeskommune, samarbeidd med Riksantikvaren og er ekspert på kystarkitektur og restaurering av gamle trehus, har på bakgrunn av samtalar med dei involverte teikna eit forslag til skånsam utbygging med tanke på bevaring, estetikk og funksjonalitet. Det er viktig at prosjektet er lokalt forankra slik at folk i nærmiljøet kjenner det er deira plass. Samstundes vil vi at senteret skal ha karakter. Dessutan skal det ha plass til alle dei aktivitetane og gjenstandane det skal hyse.

Romprogrammet arkitekten tok utgangspunkt i omfatta:

**Verkstadsbygningane skal ha plass til:**

Verkstad til utstilling og reparasjon av båtmotorar  
 Båtbyggjeri/verkstad til reparasjon av båtar (i samband med slipp)  
 Plass til å syne fram denne aktiviteten og formidle kunnskap  
 Utstilling av gammalt verkty/reiskapar (også fiskereiskapar)


**Hovudbygninga skal ha plass til:**


Utstillingslokale til permanente og vekslande utstillingar  
 3 kontor for tilsette  
 Personalrom  
 Møtelokale (undervisningsrom), eit mindre møterom  
 Selskapslokale/restaurant/kafé (kan ha utstillingsmateriale, t.d. skipsmodellar og maskinar)  
 Toalett/garderobe  
 Konsert/opplesningssal (med naturleg akustikk – med plass til ca 100)  
 Sist men ikkje minst skal det vere rom for bibliotek/boksamling der det må takast omsyn til spesielle klimatiske tilhøve. Arkitekten har løyst dette ved å teikna eit nytt tilbygg, eit "boknaust" på sørsida av tomta, som er kopla til hovudbygninga med ein felles inngang i form av ein trappeoppgang i to etasjar.

Slik ser ein føre oss kostnader og finansiering:

Kostnader		Finansiering	
Aktivitet	Budsjett	Kjelde	Budsjett
Eksisterande båtbygg	560.000	Norsk kulturråd	2.900.000
Eksisterande hovudhus	5.900.000	Andre statlege	3.900.000
Nytt litteraturhus	5.000.000	Fylkeskommunen	1.000.000
Utomhus	450.000	Regionale midlar	500.000
Prosjektering	420.000	Kommunen	500.000
Anna	1.000.000	Private	4.000.000
		Eigenkapital	530.000
<b>Sum</b>	<b>13.330.000</b>	<b>Sum</b>	<b>13.330.000</b>







KOSTNADSOVERSLAG: (inkl. mva) pr. 1. juni 2014	m <sup>2</sup> :	Sum kr. (1000):	Sum kr. (mill):
A. Eksisterande båtbyggeri (slipp, verkstad, utstilling):	270	0,560	
Forsterke eksisterande takkonstruksjon	180	20	
Rep/vedlikehold av slipp og vinsj		10	
Innredning og isolering av nytt verkstad		300	
Flytting av verkstadsmaskiner		10	
Byggje inn kaldt rom for motorutstilling	70	200	
Innreie materiallager		20	
B. Eksisterande hovudhus:	360	5,900	
Omlegging av utvendig skifertak		150	
Brannsikring hele bygget (konsulent + utføring)		800	
Loft (trapperom) generell oppussing	40	10	
1. etg. (kontor, møterom, kjøkken, bad/WC)	160	400	
Ombygging, oppussing, nye vinduer			
Underetg. (forsamlingssal, kjøkken, scene, utstillinger, toalett)	160	4540	
Nytt støypt golv ca. 50 cm tjukt			
Forsterking av tak underetg.			
Isolering yttervegger, innv. kledning, nye vinduer/dører			
Rørleggerarbeider			
Elektroarbeider			
Ventilasjonsanlegg			
Innredning kjøkken			
Innredning forsamlingssal			
C. Nytt litteraturhus (leserom, kontor, arkiv):	200	5,000	
To etasjes bygning (utan våtrom) + nytt trapperom		5000	
Støypt golv U.etg. og vegg mot terreng og trapperom (brannvegg)			
Trekonstruksjon i bjelkelag, yttervegger og tak			
Yttertak med sinktekke			
Fasader med vindusfelt og trepanel			
Innvendige flater kles med trepanel/gips/mur			
Ventilasjonsanlegg (konstant temp/fuktighet)			
Innredning: Kontormøbler/hyller/gardiner			
D. Utomhusarbeider:			0,450
Forsterking og utviding av eksist. kaifront		200	
Uteplasser (skifer og treplattinger) og benker		150	
Utebelysning		70	
Oppgradering tilkomstveg		30	
(Parkeringsplass avventes)			
E. Prosjektering/gjennomføring:			0,420
Prosjektering forprosjekt		20	
Prosjektering hovedprosjekt (reg.plan, bygg, utomhusplan)		200	
Byggeleidelse hovedprosjekt		100	
Administrative kostnader		100	
F. Ikke planlagde utgifter:			1,000
Dette er eit overslag, med ein buffer på ca.10%		1000	
<b>TOTALT:</b>			<b>13,330</b>

## 8 ORGANISERING

Forprosjektet har vore organisert slik at styret for Sunde Kyst- og Litteratursenter er styringsgruppe og samarbeider med lokale lag- og foreiningar både med utviklinga av strandstaden Sunde og Bergslagen, Sunde Kyst- og Litteratursenter. Dei fleste lokale laga har difor vore prosjektgrupper, og ein vonar at dei framleis kan ha denne funksjonen. Styringsgruppa gav forprosjektleiar i oppdrag å utgreie utvikling, samarbeid med arkitekt, og å finne ut av organisasjonsform og samarbeidspartnerar. Ho har hatt møte med dei ulike hovud-prosjektgruppene og samordna opplysningane og framlegga frå dei. Forprosjektet har såleis munna ut i ein plan for gjennomføringa. Eit viktig delprosjekt i samband med dette er spørsmålet om å få på plass ein grad av vern for strandstaden Sunde, ein slik status kan utløyse støtte frå det offentlege.



*Slippen. Foto: Einar Saghaug*

Styringsgruppa er sammensett av:  
Styreleiar for Sunde Kyst- og Litteratursenter Einar Saghaug, styremedlemmene Lars Amund Vaage, Merethe Offerdahl Tveit, Kjell Magne Stråbø, Øystein Herskedal (rekneskapsførar), kultursjef i Kvinnherad kommune Krisitian Olav Bringedal og forprosjektsvarleg Hanne Bramness.

Hovud-prosjektgruppene: ei tradisjonell kystkulturgruppe med representantar frå ulike lag og organisasjoner, og ei litteraturgruppe med representantar frå skular, bibliotek, forfattarrepresentantar og andre spesielt interesserte og kunnige.

### Prosjektgruppene er (representert ved leiarane):

- Sunde skule, ved Kjell Magne Stråbø
- Husstyret i Bergslagen, ved Britt Elin Haga
- Sunde turstiar, ved Bjørn Heimvik
- Sunde Grendalag, ved Sigmund Nordfonn
- Kvinnherad Kystlag, ved Jan Steinsland og Lars Jostein Rørvik
- Opsangervågen Kystlag, ved Halvard Hammerø og Reidar Sætre
- Sunde Båttag, ved Tore Kjell Thorsen
- Husflidlaget, ved Signe Saghaug Larsen
- FAU Sunde oppvekstsenter, ved Magne Bjelland
- Kvinnherad bibliotek, ved Trude Hege Bergersen

## 9 SAMARBEIDSPARTNARAR

Det er viktig å samarbeide med andre aktive bygder i Kvinnherad og Kvinnherad kommune. Gjennom LivOGLyst-programmet kan ein utvikle samarbeid med aktive bygder, spesielt kystbygder over heile fylket, og kan hende andre stader i landet der dei har litteraturmuseum. Det vil vere naturleg å samarbeide med Forbundet Kysten, Norsk Hermetikkmuseum i Stavanger, Sjøfartsmuseet i Bergen og Hardanger Fartøyvernsenter. Det vil vere naturleg å ha tett samarbeid med Kvinnherad bibliotek, Sunnhordland Museum, fylkeskonservator, og andre kystkulturnsenter i nærlieken, og kultursenter som Cabuso. Vi vil også finne ei samarbeidsform med Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-senteret, og Hauge-senteret i Ulvik, som òg er ein del av Nynorsk kultursentrum, og samarbeide med andre litteraturmuseum gjennom Litteraturnettverket. Vi vil utvikle vidare samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund. Dessutan ser vi for oss kontakt med dei få tilsvarande sentra i andre land som t.d. Scarborough Maritime Heritage Center i Nord-England, og eit europeisk samarbeid gjennom The North Sea Ring. Vi vil halde fram med å samarbeide med Kvinnherad kulturfestival, og få på plass eit samarbeid med barnelitterfestivalen Falturiltu på Stord, som vil leggje nokre av sine programpostar til Bergslagen. Dessutan vil vi sjå på eit mogeleg samarbeid med Stord Teaterfestival.

Vi vil òg leggje vekt på samarbeid med det lokale næringslivet; særleg med Sør-Norge Aluminium, som har gitt viktige bidrag til dei arrangementa vi har hatt, men vi vil dra fleire verksemder med, og har konkrete planar for dette. Både Sparebanken 1, Sparebanken Vest, HMR Service Partner og Alsaker fjordbruk har vore med og støtta arrangement, likeeins vil vi gjerne ha med oss Bergen Group Skarveland og andre bedrifter frå eit større område i Sunnhordland.

## 10 DRIFT AV SENTERET

Drifta av eit slikt senter kan ikkje baserast berre på dugnadsarbeid. Vi ser for oss tre fast tilsette, ein kystkulturansvarleg, ein litteraturansvarleg, og ein med overordna ansvar, også for samarbeidet med skulen. Eit mogeleg budsjett for driftsinntekter og utgifter vil kunne sjå slik ut:

Utgifter		Inntekter	
Aktivitet	Budsjett	Aktivitet	Budsjett
Lønn (2 årsverk)	1.400.000	Slipping og vedlikehald	100.000
Reinhold	200.000	Tilstellingar, foredrag	200.000
Straum, Offentl.	200.000	Leigeinntekter	50.000
Vedlikehald	200.000	Undervisning, kurs	200.000
Marknadsføring	200.000	Sponsor	200.000
Anna	200.000	Andre inntekter	200.000
		Offentleg	1.450.000
<b>Sum</b>	<b>2.400.000</b>	<b>Sum</b>	<b>2.400.000</b>

## 11 EFFEKTAR

Den dugnadsinnsatsen som er lagt ned i lokale lag og foreiningar vitnar om eit stort engasjement for prosjektet. Dugnadsinnsatsen i arbeidet med å utbetre og drive Sunde Kyst- og Literatursenter, Bergslagen, og ta vare på det som var der frå før, er stor og vitnar om gjennomføringsvilje. Vi ser for oss at ulike aktivitar vil generere meir aktivitet, då også næringsaktivitet, i framtida.

Eit meir profesjonelt senter vil kunne yte kontinuerleg aktivitet, og vi trur brukareffekten vil kunne verte omfattande, og særleg utgjere ein skilnad for born og unge. Det vil gje forankring og kunnskap og føre til at fleire buset seg her.

Samfunnseffekten vil bli større optimisme og trivsel, og det vil vonleg resultere i fleire arbeidsplassar. Det vil bli ringverknader for næringsliv og andre verksemder i form av besøk frå fjern og nært. Vi ser blant anna for oss at det vil bli trong for eit overnattingstilbod i nærområdet.

Arbeidet med senteret vil gje eit godt grunnlag for å vidareføre kystkulturprofilen til Sunde skule og gje andre skular i nærleiken kunnskap om kystkulturen, og danne grunnlag for forsking i litteratur og kysthistorie. Vi håpar å gje eit bidrag til ei miljøvenleg utvikling av kulturhus, og ønskjer samarbeid med Riksantikvaren og trehusbevaringsprogrammet for å gjere dette synleg.



*Opprusta inngangspart på Bergslagen våren 2013.*

*Foto: H. Bramness*



*Båtar som tilhører Opsangervågen Kystlag,  
kystkulturdagen 2011. Foto: H. Bramness*


I ei tid då samfunnet er i stor endring og kystkulturen og kystbefolkinga også endrar seg raskt, håpar vi at vi kan vere med å leggje til rette for integrering av nye innbyggjarar og kunnskap om kulturane dei har med seg. I området vårt finst særleg innvandrarar frå Øst-Europa, Balkan og Midt-Austen. Kystsamfunn har alltid vore prega og styrkt av påverknad utanfrå, og ein viktig effekt av senteret bør vere å setje sokelys på dette.

## 12 MOGELEG ORGANISAJONSFORM

Vi ønskjer utstrekkt samarbeid med Sunde skule, Kvinnherad bibliotek, Sunnhordland museum og Høgskolen Stord/Haugesund. Vi kan sjå for oss at Bergslagen kan bli ein sjølvstendig del av Sunnhordlands museum, og at vi kanskje kan dele tilsette og material med Kvinnherad bibliotek, men korleis veit vi enno ikkje. Vidare kan vi sjå for oss ei tilknyting til Nynorsk kultursentrums og til Litteraturnettverket – og til Forbundet Kysten.

Sunde Kyst- og Litteratursenter vil dessutan inngå forhandlingar med kommunen for å sjå på eigarstrukturen.

Mogeleg organisering av hovudprosjektet:



## 13 MOGELEGE FINANSIERINGSKJELDER

Vi har søkt om og fått midlar frå LivOGlyst-prosjektet som skal gå til aktivitetar. Vi har fått midlar frå Norsk kulturråd til dei kulturelle arrangementa på Bergslagen. Vi vil også söke dei om midlar frå "Rom for kunst"-programmet, og vi vil söke om midlar til immateriell kystkultur og utviklingsmidlar for museum og arkiv. Vi vil söke Kulturdepartementet om tilskot til nasjonale kulturygg. Når vi har fått private sponsorar, vil vi òg söke KUD om gáveforsterkingsmidlar. Vidare vil vi söke Nasjonalbiblioteket om støtte til utvikling av biblioteket og nye formidlingsmetodar. Norgesuniversitetet gjev prosjektmidlar til teknologiske hjelpemiddel. Under føresetnad av at Kvinnherad kommune får på plass ein reguleringsplan for Sunde, med ein grad av vern, vil vi söke Riksantikvaren om midlar frå m.a. verdiskapingsprogrammet. Vi vil söke midlar til kystkultur frå Norsk Kulturminnefond. Fylkeskommunen gir også støtte til kulturverntiltak og vøling av verneverdige bygg- og anlegg. Fylkeskommunen gjev, i tillegg til LivOGlyst-midlar, tilskot til kulturygg med regionale funksjonar. Bergslagen har både ein lokal, regional- og nasjonal funksjon.



Vinterbilde av Bergslagen. Foto: H. Bramness

Kommunen forvaltar midlar frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet og frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dei forvaltar også tilskot til opprusting av kulturygg og speleemidlar til nærmiljøanlegg. Vi vil snakke med det lokale næringslivet og vonleg få dei på banen, dessutan vil vi ta kontakt med Sparebanken Vest, Rieberfondene, SpareBank 1 – Stiftinga Kvinnherad, Sparebankstiftinga DNB, Innovasjon Norge og SKL (Sunnhordland Kraftlag).

## 14 FRAMDRIFT

Arbeidet med hovudprosjektet tek til med å finansiere og tilsetja ein prosjektleiar. Finansiering av utbygginga blir den første oppgåva for prosjektleiaren, og dette arbeidet reknar vi med vil vara det meste av 2015. Deretter vil vi få på plass arbeidsteikningar og starte realiseringa av byggeprosjektet, først utbetringa og så nybygg. Vi har som mål at "nye Bergslagen" skal vere eit nøkternt signalbygg, og at det kan stå ferdig i 2018.

Hovudprosjektet må halde fram arbeidet med å utgreie og avklare spørsmålet om organisasjonsform. Det må knytast nærmere kontakt med ulike samarbeidspartnerar. Spørsmålet om tilkomsten til senteret og naudsynte parkeringsplassar må utgreia. Hovudprosjektet bør også få på plass ei fyldig heimeside som til ei kvar tid skal syne utviklinga i prosjektet.

I hovudprosjektet vil vi også halde fram med å kartlegge og dokumentere sunnhordlandsliteraturen. Vi vil starte arbeidet med å samle inn bøker og relevante originalskrifter. Vi vil oppfordre folk til å gje senteret gjenstandar som har med kystkulturen å gjøre. Den store samlinga av halvmodellar og teikningar frå Gravdal Skipsbyggeri må sikrast. Kartlegging, systematisering og formidling vil sjølvsagt vere oppgåver for tilsette på det nye senteret når det er på plass.



Verkstaden på Bergslagen 2010. Foto: H. Bramness

## 15 OPPSUMMERING OG TILRÅDING

Den rike kystkulturen, strandstaden Sunde og sunnhordlands litteraturen dannar grunnlaget for at det bør satsast på Sunde Kyst- og Litteratursenter.

Arbeidet med forprosjektet har vist at det er stor oppslutnad om prosjektet, og at det dermed er grunnlag for å gå vidare med realiseringa av hovudprosjektet.

Vi ser for oss eit areal på 730 kvadratmeter. Verkstad med utstillingslokale og slipp utgjer 270 kvadratmeter, hovudhus med kontor, møtelokale, utstillingsrom og forsamlingssal/scene på i alt 360 kvadratmeter og eit nytt "litteraturnaust" på 200 kvadratmeter.

Bergslagen, Sunde Kyst- og Litteratursenter, er kostnadsrekna til 13,3 mill. Av dette utgjer oppgradering av verkstad etc. 560.000, oppgradering av det eksisterande hovudhuset 5,9 millionar. 5 millionar er sett av til nytt litteraturbygg, 450.000 til utomhusarbeid, 420.000 til prosjektering og 1 million til øvrige utgifter. Drifta av senteret er enno ikkje rekna inn, men det bør vere 3 faste stillingar.

Vi har motteke støtte frå Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Norsk kulturråd, Norsk forfattarsentrum, Folkeakademiet i Hordaland og også midlar til aktivitet gjennom LivOGLyst-programmet. Dessutan har mange lokale private verksemder støtta tiltaket.

Samarbeidet som er etablert med lokale lag og grupper, Sunde skule, kommune og fylke, Høgskolen Stord/Haugesund, Forbundet Kysten, og samarbeid som er under utforming med Kvinnherad vidaregåande skule, Sunnhordland museum, Litteraturnettverket, Nynorsk kultursentrums, Falturiltu barnebokfestival og Stord Teaterfestival, Nasjonalbiblioteket og Riksantikvaren, gir godt grunnlag for etablering av Bergslagen og arbeidsplassar i samband med senteret. Vi trur senteret vil ha ringverknader i form av andre nye arbeidsplassar innan service og handverk.

Eit senter som kombinerer materiell og immateriell kystkultur (litteratur) er eineståande i nasjonal samanheng og gjev høve til nyskapande kulturformidling. I ei tid då kunnskap om båtbygging og skriftkultur er under sterkt press, vil senteret kunne vere eit skattkammer for ettertida. Dette er pionerverksemd i pionerbygda Sunde si ånd.

Eit samrøystes styre og alle prosjektgrupper tilår på bakgrunn av forprosjektet at Bergslagen, Sunde Kyst- og Litteratursenter, vert realisert. Det må arbeidast vidare med finansiering, både overfor kommune, fylke, stat og private aktørar. Det må arbeidast vidare med prosjektleiing, arkitekt og planlegging for ombygging og utbygging. Parallelt med dette bør ein halde fram med arrangement og aktivitetar, og arbeide med registrering og innsamling av verdfulle gjenstandar og anna materiale.

Vedlegg

## VEDLEGG

### a. Kommunalt vedtak om Sunde som senter for kystkultur i Kvinnherad (10.4.1991)

#### MØTEBOK KVINNHERAD KOMMUNE

Side: 372

Dok. nummer: KU06291

Saksbehandlar	Styre, råd, utval m.m.	Sak nr.	Møte dato	Side
S.Løkeland	Kulturutvalet Formannskapet	062/91	10.04.91	372-378

#### UTVIKLING AV SUNDE SOM KYSTKULTURSENTER - IDESKISSE

Sunde Grendalag, Kompetansesenteret på Sunde og Samordningssenteret for Kultur og Reiseliv i Sunnhordland har teke initiativ til å få utreda kva som kan gjerast for å skape nytt liv og virke i Sundesamfunnfunnet, m.a.o. ei kartlegging av lokal kompetanse og ressursar som kan utviklast for å skape aktivitet og nye prosjekt i Sundeområdet.

Rosendal har fått status som nasjonalt satningsområde for reiseliv og kultur og har markert seg nasjonalt og etterkvart og internasjonalt med et framifrå produkt som stadig er under utvikling.

Delvis som eit resultat av denne fokuseringa legg og dei andre bygdene i kommunen opp til å markere seg med sjølstandige tilbod og profil (sjå vedlagte skisse frå Sunde kompetansesenter).

Eit poeng i denne samanheng er å finna fram til produkt og nisjer som ikkje konkurrerer med kvarandre, men snarare utgjer ein heilskap som gjev ein gjensidig positiv effekt for kommunen og bygdene som heilskap.

Tradisjonelt har Sunde / Gravdal vore orientert mot sjø, skipsbygging fiske og hermetikkindustri. Også i dag er det betydeleg lokal kompetanse innanfor desse sektorar kanskje särleg i høve til trebåtbygging, m.a. lokal kompetanse ved Andor Tveit og andre båtbyggjarar på Sunde.

Andre støttespelarar vil vera / er skipsbyggjarmuseet i Rosendal, Kvinnherad Kystlag (med framtidig lokallag på Sunde), Fartøyvern-senteret i Kvam, Sjøfartsmuseet i Bergen, Fylkeskonservatoren, Prosjekt Vestkyst osv.

Og arkitektonisk ber Sunde preg av det tradisjonelle næringsgrunnlaget med tilknytning til sjø og kystkultur, m.a. med fleire sjøhus og samanhengande naustrekkjer. Delar av bygningsmiljøet blir av Fylkeskonservatoren vurdert til å ha stor kulturhistorisk og antikvarisk interesse. Imidlertid er det tildels trøng for omfattande utbetring og restaurering.

Samstundes har Sunde ein unik geografisk plassering i skjæringspunktet mellom Sunnhordlands skjærgård og Hardangerfjorden fjordlandskap, samt relativ kort reisetid til større befolkningscentra som Stavanger, Haugesund og Bergen.

Med dette som utgangspunkt ønsker ein no å arbeida vidare med eit utviklingsprosjekt basert på lokale tradisjonar og kompetanse knytta til sjøfart, båtbygging, kystkultur og kyst og sjørelatert reiseliv.

Konkret bør ein kunna sjå nærare på følgande idear/prosjekt/oppgåver:

1. Utvikling / oppretting av eit tilbod ved KVS for utdanning av håndverkare med kompetanse innan trebåtbygging, rehabilitering, restaurering av gamle hus / bygningsmiljø.
- Det er stor trond for denne type kompetanse i Sunnhordlands-regionen.
2. Rehabilitering av delar av bygningsmiljøet på Sunde. Dette m.a. som eit prosjekt under pkt.1 eventuelt og som eit sysselsetnings-prosjekt.
3. Vurdering, utredning og utvikling av Sunde som kystkultursenter og som senter for kystbasert reiseliv (dette og i relasjon til pkt. 1 og 2).
4. Nærare samarbeid med m.a. fylkeskonservator og Prosjekt Vestkyst for å realisera / utvikla desse tankane.

For å koma vidare med desse planane vil ein gjera framlegg om at formannskapet vurderer å nyttar midlar av kto. 1.4570.201 Andre Næringsføremål til eit mellombels engasjement av ein prosjektleiar.

I samband med dette prosjektet har ein mottatt ein søknad frå Sunde Grendalag om økonomis støtte å arranger eit kystkulturdag den 1. juni d.å. Ein vil der visa lokal kultur, tradisjonar, håndverk, skipsbygging, båtar etc. Ein slik lokal manifistering vil vera viktig både for lokal interesse / sjølkjensle og for å markera og presentera Sunde som kystkulturstad.

Eit førebels kostnadsoverslag anslår samla utgifter til omlag kr 40.000.

På denne bakgrunn vil ein gjera framlegg om at det som eit eingongstiltak vert løyvd midlar tilsvarende 1/4 av kostnadene ved å arranger eit kystkulturdag, begrensa oppad til kr 10.000, med dekning over kto. 1.5430.344 Ymse Kulturtiltak.

Kulturutvalet, møte 10.04.91. sak 062/91.

Framlegg til innstilling:

Kulturutvalet står planane om å arbeida med og utvikla Sunde som senter for kystkultur og vil oppmøda formannskapet til å løyva midlar til eit mellombels engasjement som prosjektleiar for å utreda dette konseptet.

Framlegg til vedtak:

Kulturutvalet løyver 1/4 eller intil kr 10.000 til dekning av kostnader i samband med kystkulturdagen på Sunde den 1. juni d.å. Stønaden må sjåast som eit ekstraordinært tilskot for å skapa nytte liv / kulturell aktivitet i Sundesamfunnet.

Tilleggsforslag frå Kristian Bringedal:

Prosjektarbeidet må omfatta utgreiing av eit hermetikkmuseum i Sunnhordland lagt til Sunde.

Aktuelle samarbeidspartar for dette tiltaket er: Sunde grendelag, Sunnhordland folkemuseum, fylkeskonservator og Kvinnherad kommune v/kulturkontoret.

Innstilling, vedtak samt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Formannskapet, møte 16.05.91, sak 107/91

Forslag til vedtak:

Formannskapet ser positivt på initiativet og sjølve tiltaket, men det er ikkje disponible midlar til ei engasjementsstilling. Kulturutvalet vert bedne om å vurdera saka ved budsjettrevisjon eller i samband med budsjettet for 1992.

Formannskapet vil be Rosendalsprosjektet vurdera om dei også kan ta del i arbeidet med ovannemnde prosjekt på Sunde.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

28/5. Bru m/lutokr. sendt. Kulturkontoret

## b. Kystkulturskulen i avis Kvinnheringen (27.4.2009)

# Kvinnheringen

MÅNDAG

27.APRIL 2009 • NR. 48 • 36. årgang • Laussal kr 20,- • Telefon 53 48 21 30



## Song seg inn i historia



Kaptein Kanakkakka og nokre av mannskapet hans under framsyninga fredagskvelden.

Sjuandeklasse-elevane ved Sunde skule song seg inn i historia og tok publikum med storm, då dei fredagskvelden inviterte heile bygda til musikalen «Den store prøven».

Og la det vera sagt med ein gong: Maken til skuleframsyning har me aldri sett! Det er knapt til å tru kva instruktør Karina Opdal har greidd å få ut av elevane. Klassen framstod som

ein gjeng glade og frigjorde songarar, godt sminka og i gode kostymar, og som i song og rim gav av seg sjølv og formidla glede og stolthet over Sunde-bygda si historie. Det var nesten makelaust!

Side 10

### Ny sjanse

Fleiret i kommunestyret har vedteke å gå vidare med planane om eit nasjonalparksenter i Rosendal. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe der dei private interessene skal vera tungt representerte, men der kommunen skal vera representert frå høg politisk nivå.

– Med dette vedtaket har vi fått dei signala vi bad om, seier ein glad Knut Førland (bilet), som har hatt ansvaret for å få på plass den private kapitalen.

Side 2

### Promille og skadeverk

– Vi har hatt ei relativt roleg helg, men litt var det å gjera natt til sundag, fortel lensmannsvakta.

– Under ein trafikkontroll ved Helland stoppa vi ein ungdom i 20-åra mistenkt for promillekjøring. Vi kverrsatte sertifikatet, og tok han med til lege for blodprøve.

Same natt stoppa vi ein mopedist på Husnes. Han vert meldt for å ha køyrt utan førerkort, og mopedeigar som var passasjer vert meldt for å ha overlatt mopeden sin til ein som ikkje fyller vilkåra for å føra han.

Natt til sundag har det og vore gjort skadeverk på Valen skule. Uvedkomande har knust tre vindaugerutene, stappa nøkkelholn fulla med treverk, og grisa til med bos. Vi har spor etter, og kjem til å etterforska saka vidare, seier lensmannsvakta.

### Fullt opp å gjera



Teigen Bygg & Trelast har fullt opp å gjera. I fjor førde selskapet opp kring 25 hus, og aktivitetene i imøverende år er venta å verte like stor, fortel økonomiansvarleg og medeigar Even Teigen (bilet).

Side 7

## Lovar stor folkefest



Skisse av den nye møteplassen på Husnes som skal opnast til sommaren.

Mosvold & Co lovare ein heidundrande folkefest når den nye møteplassen på Husnes vert opna til sommaren. I snart eitt år har området mellom Storsenteret og Aksen sett ut som eit anleggsmølle, men til sommaren skal plassen stå ferdig – eit torg med kunstnarisk utsmykking og rennande vatn. Førebels har plassen arbeidsstittelen Husnesparken, men i samband med den offisielle opninga vert det planlagt nammekonkurransen.

Side 8 og 9



Med song og feiande tekstar fortalte elevane Sunde-historie gjennom eit par hundre år.

# Dei song seg inn i historia

## Sunde skule tok publikum med storm på framsyninga si om Sunde i gamle dagar.

Fredag kveld var heile bygda invitert til musikalen *Den store prøven*, framført av elevane i 7. klasse. Folk ante nok at her var nok stort i vente; i god tid før opninga var det koframfor inngangen. Og dei siste kom til fullt hus.

Og la det vera sagt med ein gong: Makten til skuleframsyning har me aldri sett!

Det er knapt til å tru kva instruktør Karina Opdal har greidd å få ut av elevane. Klassen framstod som ein gjeng glade og frigjorde songarar, godt sminka og i gode kostymar, og som i song og rim gav av seg sjolv og formidla glede og stoltethet over

Sunde-bygda si historie. Det var nesten makelaust!

### Fargerik historie

Oppleget var og framifrå: Historieformidling har mang ein gong framstått som noko kjedelige greier som gamflingar er mest opptekne av. Men i *Den store prøven* er det brukt vår tids veremidlar. Joakim Sundebu er i ferd med å leggja seg, mor hans les til han om Sunde, som han skal prøvast i på skulen neste dag. Så sovar Joakim og opplever i drømme at han er med i ein spørjekonkurranse.

Framsyninga er sett saman av sju bitar med tema fra Sunde-øya. Støre delar av stoffet er henta frå Jostein Røstbø si bok *Industristad bygd på skip og sardiner*. Historia tek til i 1808 då silda kom tilbake etter å ha vore borte i 24 år. Sild var mat, arbeid og

pengar. Neste tema var båtbygging. Me fekk lara litt om båtar av mange slag, frå færingen til den tomastra galeasen.

I 1866 vart grunnlaget lagt for hermetikkindustrien. Med den kom tilflyttarar og skapte grunnlag for handel og handverk av mange slag.

Midt på 1900-talet hadde Sunde største treskipsbyggeriet i landet. Me fekk høyrja ein utdrag frå *Gutane på Tedneholmen*, ei bok av Ragnvald Vaage, ein av dei kjende diktarane og talarane i landet i førre hundreåret.

I musikalen vart me og kjende med sjøfolka og sjantytradisjonen, i kaptein Kanakkanaksa sin skapnad. Brua over sundet til Bjelland skapte eit tidsskilje då ho vart opna i 1964, den og fekk sitt plass i sofa.

Ein rørt og stolt rektor Einar Opdal delte ut blomar til alle som var med på framsyninga.

– Eit slikt loft gjer noko med oss, mykje meir enn den daglege timeplanen kan få til.

### Profesjonelt

Karina Opdal er profesjonell i teaterkunsten og arbeider i faget i Bergen. Det er neppe å ta for sterkt i å seia at ho har hovudåra for suksessen.

Sidan i haust har skulen arbeidd med soga om Sunde og førebudd framsyninga.

– Elevane har kome med innspel til teksten og til rim og rytime, seier Karina Opdal. Musikken har eg dels laga sjølv.

I ni dagar før framsyninga har sjundeklassingane lagt alt anna skulearbeid til sides og berre arbeidd med musikalen. Det er nesten utruleg kva dei har fått til på så kort tid.

Elevane strålte under framsyninga, gav av seg sjolv og viste ei spele- og songglede som ikkje er daglegdags. Heile klassen

gjorde ein framifrå innsats som songarar.

Framfor scenen var det plassert maritime rekvisitar som leide fantasien til temaet. God lyssetting og førsteklasses lyd skal rette vedkommende ha all ære for.

Håkon Vatle frå Stord var hyrt inn i kapteinrolla. Han er ein framifrå skodespelar og sjantysongar, m.a. i *Storm Weather Shanty Choir*.

Håvard Voster Bakke spelte rolla som Joakim Sundebu, Daniel Solberg var Haktor Thorsen, grunneggjar av sardinindustrien, og Elsa Ingeborg Søllesvik og Tea Vaage var dyktige programleiarar. Lærarane Kjell Magne Stråbø og Mariann Mads-gård har drege ein stor del av lasset med å administrera alt som må gjera med ei framsyning for andre skular i Kvinnherad.

bilete og anna materiale til ei flott utstilling på skulen om den mangfoldige historia til Sunde.

I framsyninga fekk me oppleva historia via song og musikk. Ikke berre det: dei har nok sunge seg inn i historia også. Dette kan sundebeun leva lenge på.

### Ein gong til?

Det kan bli sjansje til å oppleva musikalen for dei som vil sjå han ein gong til eller for alle dei som ikkje var der. På kystkulturdagane i sommar kan det godt henda at 7. klassingane og dei andre songarane let seg oppleva på scenen ein gong til. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at det kan la seg gjera med ei framsyning for andre skular i Kvinnherad.

**Sjur Tjelmeland**  
sjur@kvinnheringen.no




Programleiarane, dyktige og tydelege, Tea Vaage og Elsa Ingeborg Søllesvik.



Karina Opdal er profesjonell i teaterkunsten og har fått elevane med på meir enn nokon skulle tru.

c. Brev frå Stavanger Museum om Sunde som første plass i landet med hermetikkindustri (20.10.2009)



Kvinnherad kommune  
v/ Kultursjef Kristian O. Bringedal  
Rådhuset  
5470 ROSENDAL

Avdeling Norsk Hermetikkmuseum  
*(20.10.2009)*

**Ang. Sunde sin plass i Norges hermetikkindustri**

Kjære Kristian Bringedal,

Til tross for at Christian August Thorne fra Drammen var første ute med hermetikk i Norge (1841), og Stavanger ble Norges "sardinhouedstad" fra 1873 og fremover, kan man likevel si at Sunde kan betraktes som hermetikkindustriens "vugge".

Hagtør Thorsen begynte med nedlegging av "Røget Brisling i Kraft" på Sunde i 1866. Det har vi skriftlig bevis på (Stavanger Aftenbladet 13. des. 1913). I og med at det fortsatt er produksjon av fiskemat på Sunde i dag, mens den siste hermetikkfabrikken i Stavanger ble nedlagt i 1982, er det god grunn til å legge vekt på Sunde som ett av Norges tidligste hermetikkområder. Det er absolutt verdt å ta vare på hermetikktradisjonen derfra.

Med vennlig hilsen,

Piers T. Crocker  
Leder, Norsk Hermetikkmuseum

d. Saksframlegg frå Kvinnherad kommune om kjøp av Bergslagen (3.6.2010)

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe** **Saksbehandlar**

2009/1149- Kristian Bringedal  
11

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/63	Formannskapet	03.06.2010

## Sunde kystkultursenter - kjøp av eigedomen Bergslagen på Sunde

### Innstilling frå rådmannen:

1. Med bakgrunn i takst og tilbod frå Norunn og Andor Tveit vert det innleia forhandlingar om kommunalt kjøp av eigedomen Bergslagen på Sunde. Evt. kostnader vert å vurdera i budsjettarbeidet hausten 2010.
2. Anlegget skal nyttast til Kystkultursenter for Kvinnherad. Kystkultursenteret skal og vera eit senter for kystlitteraturen, Ragnvald Vaage liv og diktning, "Sunnhordlands litteraturen" og lokal faglitteratur.

### Behandling i Formannskapet den 03.06.2010

FRAMSETT FORSLAG FRÅ:

**Elisabeth E. Tharaldsen (Frp)**

1. Kvinnherad kommune løyver kr. 900.000,- i tilskot.
2. Kvinnherad kommune gjev kommunal lånegaranti for inntil kr. 2.500.000,- til Sunde kystkultursenter

Dette blir gitt under føresetnad av at Bergslagen blir kjøp.

### RØYSTING

- Innstillinga vedteken med 8 røyster, 1 røysta for Tharaldsen sitt forslag.

### Vedtak frå Formannskapet den 03.06.2010

1. *Med bakgrunn i takst og tilbod frå Norunn og Andor Tveit vert det innleia forhandlingar om kommunalt kjøp av eigedomen Bergslagen på Sunde. Evt. kostnader vert å vurdera i budsjettarbeidet hausten 2010.*
2. *Anlegget skal nyttast til Kystkultursenter for Kvinnherad. Kystkultursenteret skal og vera eit senter for kystlitteraturen, Ragnvald Vaage liv og diktning, "Sunnhordlands litteraturen" og lokal faglitteratur.*

Kvinnherad kommune  
-fellesskap og trivsel – utvikling og vekst

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn**

Det vert synt til sak 2009/67 i Formannskapet, saksutgreiinga og vedtak om at det vert skipa ei nemnd som skal arbeida vidare med å finna ei løysing for Sunde kystkultursenter og kjøp av eigedomen Bergslagen på Sunde.

Desse har vore med i arbeidsgruppa:

Einar Saghaug - politisk vald

Audun Bjelland - Stiftinga Sunde kystkultursenter

Leif Jarle Kaldestad - Stiftinga Sunde kystkultursenter

Kristian Bringedal - skrivar

Forfattar Lars Amund Vaage har til tider vore med i arbeidet, særleg for å utvida bruksområde på Bergslagen til eit dokumentasjonssenter for diktaren Ragnvald Vaage og som eit senter for "Sunnhordlands litteraturen".

**Målet for arbeidet i arbeidsgruppa har vore å sikra kjøp av arealet Bergslagen til bruk som kystkultursenter i Kvinnherad ( Jfr. vedtak i Kulturminneåret 1997 )**

**Arbeid i gruppa**

Arbeidsgruppa hadde sitt første møte 17.09.09 og har seinare gjennomført desse møta og drøftingane:

- 08.02: Ope møte på Sunde: Informasjon, drøfting og sikkerhet for at prosjektet har god lokal forankring.
- 04.03: Møte med Fylkesrådmannen og Fylkeskultursjefen: Informasjon og ei avklaring på kva offentlege stønadsordningar som kan nyttast til kjøp og drift.
- 15.03: Møte med Formannskapet med presentasjon av eit revidert Forprosjekt for etablering av kystkultursenter på Sunde
- Det er sendt brev til eigaren av Bergslagen med informasjon om mandatet til arbeidsgruppa og framdrifta i arbeidet.
- Møte med leiar for Samarbeidsrådet i Sunnhordland: Informasjon og status i høve til Regional plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg der Strandstaden Sunde er eit av 6 prioriterte kulturanlegg i Sunnhordland.
- Årsmøte i Stiftinga Sunde kystkultursenter med val av nytt styre og vedtak om at ein støttar arbeidet med å sikra kjøp av Bergslagen.

**Oppsummering av arbeidet.**

Folkemøte på Sunde syntet at tiltaket har stor lokal interesse og arbeidsgruppa fekk støtte for å arbeida vidare fram mot ei løysing med kjøp av eigedomen.

Ressurspersonar er klar til å vera med i det praktiske arbeidet med å rusta opp og klargjera kystkultursenteret for bruk.

I møte med Fylkesrådmannen kom det klart fram at Fylkeskommunen ikkje løyver midlar til kjøp av areal/anlegget. Fylkeskommune vil gje støtte til utvikling, kompetanseheving, restaurering og drift. Fylket vil vurdera å gje støtte til ein prosjektleiarstilling.

Kvinnherad kommune  
-fellesskap og trivsel -utvikling og vekst

## VEDLEGG

---

Arbeidsgruppa vert tilrådd at Kystkultursenteret med strandstaden Sunde vert organisert med ei eiga prosjektgruppe.

Fylkeskommune og Sunnhordland Museum vil gje fagleg hjelp i det vidare arbeidet.

Det vert synt til Askøy og eit tilsvarande prosjekt i Strusshamn. Askøy kommune sikra det gamle industrianlegget i Strusshamn ved kjøp. Ulike kulturvernorganisasjonar og stiftingar står for drifta. Dette er sikra og regulert med lokale driftsavtalar.

Forprosjektet er etter møte med Fylkesrådmannen og Formannsskapet er utvida og revidert.

Sjå eige kap. om Kystlitteraturen.

Arbeidsgruppa si vurdering er at i ei tid prega av finanskrisa og usikkerhet er det vanskeleg å få til eit spleislag med private verksemder om kjøp av Bergslagen.

Vi har signal frå fleire om støtte på eit seinare tidspunkt når ein veit at tiltaket vert noko av og arealet er sikra.

Seljar etterspør ei avgjer. Det hastar då andre interesserte kjøparar har meldt si interesse.

For å sikra kjøp av eigedomen føreligg det med dette to alternativ:

1. Stiftinga Sunde kystkultursenter kjøper Bergslagen med kommunal støtte og garanti for eit låneopptak.
2. Kvinnerad kommune kjøper Bergslagen og inngår driftsavtale med Stiftinga Sunde kystkultursenter

Arbeidsgruppa tilrar alt. 2 – kommunalt kjøp.

### ***Samla vurdering***

Med bakgrunn i Arbeidsgruppa sitt arbeid, sak i Formannsskapet 10.09.09 og Revidert forprosjekt for etablering av kystkultursenter på Sunde rår Rådmannen til:

1. Kvinnerad kommune sikrar arealet og kjøper Bergslagen på Sunde.  
(Jfr: Strusshamnmodellen)
2. Det vert skipa ein eigen prosjektorganisasjon m/ prosjektleiar for Bergslagen og Hermetikkindustriens Vogge ( Strandstaden Sunde ). Fylkeskommunen og Sunnhordland Museum skal ha ein viktig funksjon i planarbeidet.
3. Tiltaket er definert som eit regionalt kulturanlegg. Det vert søkt tilskot frå ordninga: Spelemidlar til regionale kulturbrygg
4. Andre lokale og eksterne stønadsordningar vert vurderte.
5. Prosjektplanen vert tilpassa det endelige vedtaket i Formannsskapet og Kommunestyret

### **Uttale frå Eldrerådet:**

### **Uttale frå Rådet for dei funksjonshemma:**

#### **Økonomisk konsekvens:**

Kostnad: Om lag 3 mill kr. Bergslagen er ein attraktiv og verdifull eigedom med 80 meter strandline i sentrum av Sunde.

#### **Miljømessig konsekvens:**

Miljømessig stor fordel då område vert rydda og teke hand om på ein museal og pietetsfull måte.

#### **Vedlegg:**

Sak 2009/67 i Formannsskapet 10.09.10

Revidert Forprosjekt for etablering av kystkultursenter på Sunde

## Avtale

### 1. Gjenstand for overdraging.

- Det er idag inngått avtale mellom Kvinnherad kommune org. nr. 964 967 636, heretter kalla kjøpar, og Andor Tveit pers.nr. 280127 48193, heretter kalla seljar, om overdraging av gnr. 152 bnr.10. Arealet er omlag 2 200m<sup>2</sup> i DENNE ØVERDRAGINGA  
ATTYKKER MED: ALLE MASKINAR, HANDEVERKSTAD OG ANNA  
2. Vederlag/ erstatning. INVENTAR SOM ER RELATERET TIL BÅTPÅFLYTTING.  
Verdi av eigedom med påståande bygningar og båtbyggjarutstyr vert fastsett til 3 000 000,- kronertremillionar00/0.  
Alle kostnader i samband med overdraginga vert å betala av kjøpar.

### 3. Ansvar for seljar.

Kjøpar er kjent med eigedomen sin bonitet og arrondering samt reguleringsstilhøve.

### 4. Heftelsar.

Seljar plikter å overføra parsellen heftefritt.

### 5. Gjennomføring av overdraging.

Skøyte vert utlevert til kjøpar mot framvist kvittering av innbetalt kjøpesum til konto nr.

### 6. Andre vilkår.

Kjøpar skal syta for at seljar får båtplass for båt inntil 30'' i Sunde båthamn, og tek alle kostnader med etablering av denne. Seljar tek alle seinare årlege kostnader med båtplassen.

### 7. Politisk godkjenning.

Denne avtale vert inngått med etterhald av politisk godkjenning.


### 8. Tinglysing.

Begge partar kan for eigen rekning tinglysa denne avtale.

Rosendal / 2010

Sunde / 2010

Sunnøve Solbakken  
ordførar

  
Andor Tveit  
seljar

e. Kart over Sunde med spesialområdet for vern (21.9.2010)



## f. Driftsavtale med Kvinnherad kommune (4.1.2011)



**Rådmannen - Kultur og fritid**

Vår ref: 2009/1149-20

Dato: 04.01.2011

Til: Sunde kystkultursenter

Frå: Kristian Bringedal

### **Mellombels driftsavtale med Stiftinga Sunde kystkultursenter om bruk av vervaplassen Bergslagen, 152/10, Kvinnherad.**

#### *Innleiing*

Dette er ein mellombels driftsavtale med Stiftinga Sunde kystkultursenter om bruk av vervaplassen Bergslagen på Sunde.

Avtalen gjeld inntil vi veit meir om ei framtidig organisering av Sunde som regionalt og nasjonalt senter for kystkultur, lokal litteratur og nasjonal hermetikkindustrihistorie.

#### *Eigarskap og drift*

1. Kvinnherad kommune eig Solbakken 9, Bergslagen, 152/10, på Sunde.  
Jfr. Avtale, skøyte og målebrev
2. Stiftinga Sunde kystkultursenter er frå 01.03.2011 brukar av vervaplassen.

#### *Bruk*

1. Stiftinga Sunde kystkultursenter skal bruka Bergslagen til det føremålet som er skildra i Forprosjekt for etablering av kystkultursenter på Sunde og i saksutgreiing ved kommunalt kjøp.
2. Kystkultursenteret har full råderett til å bruka eigedomen med hus, kai, slipp, verkty og det utstyret som høyrer til.
3. Inntekter for utleige av hus, slipp, utstyr skal til vanleg tilfalla Kystkultursenteret
4. Det er ikkje høve for framleige utan at dette er i samråd med eigar
5. Utleige over ei bestemt tid skal vera etter skriftleg avtale

#### *Straum, forsikring, renovasjon og andre felleskostnader*

1. Bergslagen er forsikra og kostnaden vert dekkja over kommunen si forsikringsordning
2. Kostnader med straum, vatn, feiling og renovasjon vert til vanleg dekkja over eige kommunalt budsjett. Den totale kostnaden vert rekna til om lag kr. 25.000,-
3. Særlege tiltak/ byggeprosjekt der ein må pårekna større utgifter til straum og andre særlege tiltak, vert dekkja av brukar
4. Ved framleige vert det montert minusmålar
5. Telefonutgifter vert dekkja av brukar
6. Eigar er ansvarleg for at eigedomen vert tilknyta offentleg avløpsnett og må ta kostnaden med dette.

***Organisasjon***

1. Stiftinga Sunde kystkultursenter er formelt styre for Bergslagen.
2. Stiftinga har høve til å utpeika eit eige driftsstyre ( husastyre ) med arbeidsgrupper for plassen
3. Eigar, Kvinnherad kommune, er medstiftar og er representert i styret for Stiftinga Sunde kystkultursenter

***Tilsyn og vedlikehald***

1. Stiftinga v/ driftsstyre har tilsyn med anlegget og er ansvarleg for dagleg og alt førefallande vedlikehald. Dette gjeld og arbeidet med å sjå til at anlegget er forsvarleg sikra med bakgrunn i HMT føresegnene.
2. Meir omfattande vedlikehald og utbetringstiltak vert utført i samråd med eigar.
3. Brukar har utkvittert nøklar til anlegget. Styret er ansvarleg for bruken av desse og ser til at anlegget ikkje vert lånt til andre utan løyve
4. Det skal i vårhalvåret 2011 gjerast ei fullstendig tilstandsvurdering av anlegget.  
Eigar er ansvarleg for dette.
5. Brukar fører liste over alt utført arbeidet på anlegget.
6. Med til avtalen inngår tilsyn og stell av den kommunale eigedomen med Ragnvald Vaage støtta

***Samlinga og arkivet***


1. Samlinga skal registrerast og listeførast. Dette vert gjort av eigar i samarbeid med Sunnhordland Museum
2. Brukar har høve til å ta mot gåver eller skaffa det utstyret/verktyet som trengst til samlinga. Slike gjenstandar vert registrert som ein del av Sunde kystkultursenter
3. Modellar, gjenstandar og arkivtilfang frå medstiftarane skal merkast særskild

***Oppseiling av avtalen***

1. Driftsavtalen gjeld frå 01.03.2011 og inntil det føreligg ny avtale
2. Oppseilingstid: 6 månader. Gjeld for begge partar
3. Oppseiling gjeld frå dato og skal vera skriftleg

Rosenda 15.02.2011


Sunde / 2011

  
Kristian Bringedal  
Kvinnherad kommune, Kultur og fritid  
Verksemdleiar

Sunde kystkultursenter  
Aina Solberg  
Leiar i styret

g. Utdrag frå Samarbeidsrådet for Sunnhordlands Plan  
for idrett, friluftsliv og idrett, 2009-2013 (2011)

## **PLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG KULTURANLEGG I SUNNHORDLAND 2009-2013**



**RULLERT 2011**

Vedteke i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 16 september 2011

## VEDLEGG

---

4.2.1	Bømlo kulturhus	"	16
4.2.2	Fartein Valensenteret	"	16
4.2.3	Fitjar kultur og idrettsbygg	"	17
4.2.4	Kvinnherad Kultursenter	"	17
4.2.5	SKAKKE - senter for skule-idrett-kultur	"	18
4.2.6	Stord kulturhus	"	19
<b>4.3</b>	<b>DEFINISJON SOM REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	19
<b>4.4</b>	<b>STATUS SOM REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	20
<b>4.5</b>	<b>PRESENTSASJON AV REGIONALE KULTURANLEGG</b>	"	20
4.5.1	Baroniet Rosendal– kulturarena	"	20
4.5.2	Ferdslevegen og gravområda i Uggdalsdalen	"	21
4.5.3	Gruvene på Litlabø	"	21
4.5.4	Halsnøy historiske senter	"	21
4.5.5	Kenneth Sivertsens stifting	"	22
4.5.6	Marstein Fyr	"	22
4.5.7	Moster Amfi/Mostraparken	"	23
4.5.8	Onarheim kultursenter	"	23
4.5.9	Sunde kyst og litteratursenter	"	24
4.5.10	Visningssenter for fiskeri og havbruk	"	24
4.5.11	Rimsvarden	"	24
4.5.12	Ryvarden kulturfyr	"	25
4.5.13	Rekkjetunet	"	25
4.5.14	Smedholmen	"	26
4.5.15	Steinriket Bømlo	"	26
4.5.16	Sunnhordland Museum	"	27
<b>4.6</b>	<b>KVIFOR EINSKILDE ANLEGG IKKJE ER TEKEN MED</b>	"	27
4.6.1	Baroniet Rosendal – konsolidert museum	"	28
4.6.2	M/S Skånevik	"	28
4.6.3	Folgefonna Nasjonalpark	"	28
4.6.4	Anlegg og tiltak som fremjar kystkulturen i regionen	"	28
<b>5.</b>	<b>ARBEIDET VIDARE</b>	"	28
<b>5.1</b>	<b>RULLERING/REVIDERING AV PLANEN</b>	"	29
5.1.1	Innspel for å få status som regionanlegg/ tiltak	"	29
5.1.2	Rulling/revidering av planen	"	29

**Framside bilete:** Tur over Stordbrua – foto: Svein Andersland

#### **4.5.8 Onarheim kultursenter**

Onarheim var i forhistorisk tid eit hovdingsete. Garden var vide kjent som møte- og kultstad. Her var tingstad, og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Onarheimsgildet samla gildebrør frå heile landsdelen. Dei hadde lovar og reglar og var på mange vis kimen til eit regulert samfunn.

Den gamle Onarheimskyrkja frå 1100-talet stod sentralt i gildet. I 1820 vart steinkyrkja delvis riven og bygd om. Den nye kyrkja vart vigsla i 1894.

Det vert arbeidd med oppstart av ein reguleringsplan for området. Det skal leggjast til rette for: Amfi (Onarheimsgildet er Tysnes kommune sin tusenårsstad). Uteområde skal rustast opp, vandringssti og informasjon om historia. Bygdhus med møterom og aktivitetsrom.

#### **4.5.9 Sunde kyst- og litteratursenter**

Strandstaden Sunde vart i Kulturminneåret 1997 kåra som Kvinnherad kommune sitt kulturminne.

Stiftinga Sunde kystkultursenter har i åra etter dette arbeidd for å få realisert eit kystkultursenter på Sunde.

I 2010 kjøpte Kvinnherad kommune Bergslagen, der det tidlegare har vore sildoljefabrikk og sidan 1941 vervaplass med slipp. Denne vert no disponert av Sunde kyst- og litteratursenter.

Ein har slik sikra den siste treskipsvverven i bruk i Kvinnherad.

Andor Tveit båtbyggeri kan dermed bli grunnlaget for eit senter der ein vil dokumentera og syna fram den fyrste industri- og handelsplassen i Kvinnherad. Hermetikkindustrien i Sunnhordland er ein viktig del av dette arbeidet.

Kystkultursenteret vil sei noko om:

- Fiskarbonden
- Brislingfiske
- Lokal tradisjonsmat
- Hermetikkpioneren i Sunnhordland
- Fartybygging

I tillegg skal det etablerast eit litteratursenter som ein del av kystkultursenteret. Her skal den rike og omfattande litteraturen som er skapt i Sunnhordland, både i notid og fortid, samlast. Dette skal skje i samarbeid med biblioteka i Sunnhordland, forfattarar i regionen og Høgskulen på Stord.

#### **4.5.10 Visningssenter for fiskeri og havbruk**

Austevoll kommune har ein helt spesiell historie og posisjon innanfor fiskerinaæringa. Dette har stor verdi både regionalt og nasjonalt og er viktig å ta vare på og formidla til eit stort publikum. Austevoll kommune har ambisjon om å etablere fleire visningsområde for næringane fiskeri og havbruk. Bekkjarvik Torg vert i dag nytta til visningssenter for fiskerihistorie og dette er ynskjeleg å utvikle vidare.

## KART OVER SUNNHORDLAND NORDSJØLØYPE, NORDSJØSYKKELRUTA OG POSTVEGEN



- Nordsjøløypa
- Postvegen
- Nordsjøsykkelruta

## h. Hordaland fylkeskommunes motsegn til Riksantikvaren om kommunens reguleringsplan for Sunde (29.3.2012)

 <b>HORDALAND FYLKESKOMMUNE</b>	<table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td colspan="2" style="text-align: right; padding-bottom: 5px;"> <b>Kultur- og idrettsavdelinga</b> </td> </tr> <tr> <td colspan="2" style="text-align: center; background-color: #e0e0e0; padding: 2px;">  Kvinnherad kommune         </td> </tr> <tr> <td colspan="2" style="text-align: center; padding: 2px;"> <b>29 MARS 2012</b> </td> </tr> <tr> <td style="width: 60%; padding: 2px;">         Saksnr.: <b>06/216</b> </td> <td style="width: 40%; padding: 2px;">U.off.:</td> </tr> <tr> <td style="padding: 2px;">Saksbehandlet:</td> <td style="padding: 2px;"><b>IBC</b></td> </tr> </table> <p style="text-align: center; margin-top: 10px; color: red; font-size: 2em; font-weight: bold;">KØPI</p>	<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>		 Kvinnherad kommune		<b>29 MARS 2012</b>		Saksnr.: <b>06/216</b>	U.off.:	Saksbehandlet:	<b>IBC</b>
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>											
 Kvinnherad kommune											
<b>29 MARS 2012</b>											
Saksnr.: <b>06/216</b>	U.off.:										
Saksbehandlet:	<b>IBC</b>										
Riksantikvaren Dronningens gate 13 Postboks 8196 Dep 0034 OSLO											
Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) <b>200601338-32/714/INLG</b> Dykkar ref.: <span style="float: right;">Bergen, 28. mars 2012</span>											
<b>Sunde sentrum - Reguleringsplan - Kvinnherad kommune. Oversending i høve nasjonale kulturminneinteresser. Motsegn.</b>											
<p>Viser til e-post med vedlagt politisk saksframlegg og plankart sendt til Dykk den 23.3.2012 og 28.3.2012, samt e-post fra Kvinnherad kommune datert 25.3.2012.</p> <p>Hordaland fylkeskommune oversender privat reguleringsplan for Sunde sentrum i Kvinnherad kommune på offentleg høyring der nasjonale kulturminneinteresser er trua, då fylkeskommunen sjølv ikkje ynskjer å reise motsegn, jf. politisk møte i Kultur- og ressursutvalet den 6.3.2012, jf. politisk vedtak (sjå vedlagt møtebok). Vi har fått frist til å handsame saka til over påske, formell dato vil bli sendt oss på fredag 30.3.2012, jf. e-post fra Kvinnherad kommune datert 25.3.2012.</p> <p>Hordaland fylkeskommune er forplikt til å sende plansaker til Riksantikvaren der nasjonale kulturminneinteresser er trua, når fylkeskommunen sjølv ikkje ynskjer å reise motsegn, jf. <i>Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kml.)</i> samt <i>Forskrift om faglig ansvarsfordeling m. v. etter kulturminneloven av 9. februar 1979 (forskriftene)</i>, og rundskriva T-6/89: <i>Delegasjon. Nye, forskrifter til kulturminneloven om faglig ansvarsområde mv. delegasjon</i>, T-4/92; <i>Kulturminnevern og planlegging etter plan- og bygningsloven</i>, T-4/95 /T-5/95; <i>Retningslinjer for bruk av innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven</i>, T-2/2003 <i>Om endringer i plan- og bygningsloven. Tidsfrister i planleggingen, kart og stedfestet informasjon</i> og T-2/2004; <i>Om ikraftsetting av endringer i plan- og bygningsloven. Klage og innsigelse - Ot.prp. nr.31 (2003-2004)</i>.</p> <p><b>Tidlegare sakshandsaming</b>        Kvinnherad kommune har sendt revidert forslag til reguleringsplan for Sunde til ny vurdering med oppmading om å trekkja vårt varsel om motsegn. Det går samstundes fram at kommunen meiner endringane er så små at planen ikkje treng ut på ny offentleg høyring.</p> <p>Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s varsla den 3.2.2006 oppstart av reguleringsarbeid for sunde sentrum. Hordaland fylkeskommune gav den 28.3.2006 mellom anna innspel om at:</p> <p style="margin-left: 20px;"><i>Me gjer merksam på at me i samband med høyring av eit planforslag vil legge vekt på arealpolitikken og dei fylkespolitiske retningslinene og kan eventuelt fremja motsegn på grunnlag av desse. Seksjon for kulturminnevern og museum vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplassen for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjera på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Me ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre forminne og bygningar/bygningsmiljø, men også steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Me har opplysningar om fleire SEFRAK-registrerte</i></p>											
<small>Besøksadresse: Agnes Mowinckels gate 5 - Postadresse: Postboks 7900, 5020 Bergen - Telefon 55239185 - Telefaks 55239199        Direkte telefon: E-postadresse: kultur@hfk.no        Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.</small>											

*bygningar i planområdet, jf. vedlagt kart. Me ber om at desse vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.*

Reguleringsplanen vart lagt ut på høyring 5.7.2007 der Hordaland fylkeskommune fekk utvida frist til 24.9.2007. I høve nyare tids kulturminneinteresser gav Hordaland fylkeskommune datert 21.9.2007 fråsegn i saka om at:

**Senterutvikling**

*I følgje fylkesplanen for Hordaland er det viktig med eit nett av livskraftige sentra som skal medverke til å halde ved lag store trekk av busettingsmønsteret. Senterutviklinga skal bidra til å styrke lokal identitet og kultur, og ivareta kulturminne. Gode senterkvalitetar er m.a. å bygge på dei stadeigne kvalitetane, og stadanalysen som er utarbeidd for Sunde sentrum trekker fram sentrale tema kring dette. Vi kan ikkje sjå at dei viktigaste punkta i analysen er tekne omsyn til i planen...*

**Nyare tids kulturminne**

*Sunde sentrum er eit miljø med kulturminneverdi. Kulturminna må vektleggast som premiss for planen. For å sikre kulturminna bør det utarbeidast meir eintydige arealbruksføremål og føresegner i planen. Dei elementa som er naudsynt for vern av kulturmiljø må regulerast med føremål bevaring. Lovgrunnlaget for regulering til Spesialområde bevaring er §§ 25,6 og 26 i plan- og bygningslova. Det er viktig at denne reguleringssplanen får lagt rammene for ei framtidig positiv utvikling av Sunde sentrum som tek vare på kulturminna og utløyer det potensialet for kunnskap og samhandling som dei representerer. Seksjon for kulturminnevern og museum ved kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen meiner planforslaget kan vere i strid med regionale og nasjonale kulturminneinteresser.*

**Oppsummering**

*Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget når det gjeld senterutvikling, strandsona, bustad/næring/grønstruktur og kulturminne. Vi meiner planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til regionale retningsliner og føringar, den fangar ikkje opp viktige punkt i stadanalysen som skulle ligge til grunn for arbeidet, og den kan vere i strid med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Vi vurderer å fremje motsegn til planen. Motsegn skal handsamast politisk, og vi ber difor om:*

- Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
- Utsett frist til 6. desember dersom det vert aktuelt med politisk handsaming.

Det vart deretter halt to drøftingsmøte 22.10.2007 og 17.8.2008 der det mellom anna var merknader om at planen manglar overordna føringar og må vise eit betre samspele med stadanalysen. Med omsyn til kulturminneinteressene vart det gjeve innspel om at Håkonshallen og fabrikkbygningen (knytt til Bjelland hermetikk) må bevarast, men at ein evt. kan bygge på fabrikkbygningen med ein etasje. Det vart fremja kritikk til utforming av allmennytting føremål kystkultursenter på Nesjaneset, då det heller bør knyttast opp mot Andor Tveit sitt skipsbyggeri og hovudhus på andre sida av Bjellandsundet. Det vart diverse ikkje oppnådd semje på drøftingsmøta.

Det har vore stort lokalt engasjement i saka, jf. vedlagt kopi av politisk saksframlegg om "Interpellasjon: Verneområde i Sunde kommune". Med bakgrunn i Stadanalysen for Sunde (2004) og utkast til reguleringssplan vart det skipa ei arbeidsgruppe der representantar frå Sunde Grendalag, Sunde kystkultursenter, leiar av forvaltningskomiteen og Kvinnherad kommune var representert. Arbeidsgruppa skulle vurdere Sunde sentrum som kulturminne/kulturmiljø. Grunnlaget for vurderinga var Hordaland fylkeskommune si fråsegn til planforslaget datert 21.9.2007. Arbeidsgruppa har, med bakgrunn i regionale og nasjonale føringar for kulturminneforvaltninga, registrert kva kulturminneverdi Sunde sentrum representerer og gjeve ei tilråding om kva kulturmiljø og kulturminne som kan regulerast til føremål vern. I internt skriv frå kultur og fritid datert 20.9.2010 står det mellom anna at: *Hermetikkindustrien på Sunde vert definert som eit nybrotsarbeid på 1800-talet. Her var to hermetikkfabrikkar som gjorde Sunde til den største industribygda i Sunnhordland...Arbeidsgruppa ser det slik at for å sikra hermetikkindustrihistoria på Sunde, må ein ta*

var på pipa og Håkonshallen. Håkonshallen er godt eigna til eit framtidig hermetikkindustrimuseum i regionen Sunnhordland (jf. s. 4). Under "Tematisk grunnlag" (s. 14) står det elles at: Omgrepet "Hermetikkindustrien si vogge" er stadfesta i brev frå Norsk hermetikkmuseum, Stavanger Museum og er først og fremst eit uttrykk for det historiske perspektivet, men også at det set hermetikkindustrihistoria på Sunde inn i eit nasjonalt perspektiv som det første i Noreg. Difor kan ein forstå at det føreliggjande planforslaget kan vera i strid med regionale og nasjonale kulturminneinteresser slik kulturavdelinga i fylket meiner".

Kvinnherad kommune sendte 27.6.2011 revidert forslag til reguleringsplan for Sunde sentrum til ny vurdering med oppmøding om å trekke vårt varsel om motsegn.

#### Kort skildring av planen

Hovudføremåla i planutkastet frå 2007 var å utvikle sentrum med føremål som bustad/blokkhus, industri, fritidsbustader, naust, offentleg trafikkområde, kombinerte føremål bustad/næring, parkering m.m. Føremåla var delvis i strid med kommuneplanen. Planforslaget omfattar Sunde sentrum og då i hovudsak dei sjønære areala på båe sider av sundet. Planframlegget var lagt ut til 1. gongs høyring i 2007, og er såleis utarbeida etter gammal plan- og bygningslov. Når kommunen no har sendt nytt planforslag til vurdering, har dei framleis valt å gjera det etter gammal plan- og bygningslov. Det er ikkje utarbeida planprogram eller konsekvensutgreiing.

## Kulturmingefaglege forhold

Hordaland fylkeskommune viser elles til omgrepet om Sunde sentrum, som "Hermetikkindustrien si vogge", som er stadfesta i brev frå Norsk hermetikkmuseum, Stavanger Museum som set hermetikkindustrihistoria på Sunde inn i eit nasjonalt perspektiv som det fyrste i Noreg, jf. internt skriv frå kultur og fritid datert 20.9.2010

### Konfliktyurdering

Hordaland fylkeskommune kan ikke sjå at våre merknader i høve kulturminne og senterutvikling i skriv av 21.9.2007 i stor nok grad er teken til følge i det reviserte planforslaget. Delar av planforslaget er framleis i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser og det vert difor rådd til at det vert fremja motsegn til planforslaget slik det ligg føre. Det vart difor lagt fram forslag til vedtak i politisk møte i Kultur- og ressursutvalet den 7.2.2012 om at:

1. Sunde er ein tradisjonsrik tettstad med særeigne kvalitetar og potensiale for å vera eit attraktivt lokalsenter. Kultur- og ressursutvalet kan ikkje sjå at det er tatt omsyn til fylkeskommunen sine merknader. Planforslaget er ikkje godt nok i samsvar med gode prinsipp for tettstadutvikling.
  2. Delar av planforslaget er i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser.  
a) Industrikulturminne "Håkonshallen" må integrerast i området som er regulert til

## VEDLEGG

---

*spesialområde vern, jf. pbl. § 25,6.  
b) Dersom lakseslakteriet skal rivast må det gjennomførast ein kulturminnedokumentasjon  
Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til punkta a) og b).*

Kultur- og ressursutvalet gjorde vedtak i saka om at saka blir utsett til neste møte, den 6.3.2012, slik at synfaring kan gjennomførast.

### Tilråding

Hordaland fylkeskommune vil tilrå Riksantikvaren om å vurdere om planforslaget er i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser og eventuelt fremje motsegn til planen.



Venleg helsing  
Anna Elisa Fryti  
fylkeskultursjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

### Vedlegg:

Utdrag frå møtebok i Kultur- og ressursutvalet 6.3.2012

Politisk saksframlegg

Planforslag lagt ut på høyring

Politisk saksframlegg, Kvinnherad kommune: "Interpellasjon: verneområde i Sunde sentrum

Internt skriv, Kvinnherad kommune: Reguleringsplan Sunde og spesialområde vern, vurdering frå ei arbeidsgruppe

Nytt planforslag oversendt til Hordaland fylkeskommune 27.6.2011

Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i høve forseinka handsaming, datert 8.7.2011

Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i høve forventa handsaming, datert 4.11.2011

Politisk saksframlegg, datert 7.2.2012

Politisk vedtak, datert 7.2.2012

Politisk vedtak, datert 6.3.2012

Stadanalyse, Strandstaden Sunde, Kvinnherad kommune, 2004

Utdrag om "Stavangers første hermetikkfabrikk, Stavanger Preserving Co, etableres", frå *Årringar i byhistorien/Framsiden - Byhistorisk foreining*

Info om "Snurper", <http://no.wikipedia.org/wiki/Snurper>

Fråsegn frå Fylkesmannen, datert 6.3.2012

### Kopi:

Kvinnherad kommune

Fylkesmannen i Hordaland

## i. Tilsegn frå Hordaland fylkeskommune om eittårig LivOGLyst-prosjekt for 2014



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

REGIONALAVDELINGA

Sunde kyst- og litteratursenter  
Vågsvegen 86  
5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

Dato: 10.01.2014  
Vår ref.: 2014/759-1  
Dykkar ref.:

### LIVOGLYST HORDALAND

### TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 70 000 TIL PROSJEKT SUNDE KYST- OG LITTERATURSENTER - 2014-000002

Vi viser til søknaden dykker med prosjektplan, datert 24.10.2013, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Styringsgruppa for LUK Hordaland i desember 2013 vedtok at prosjektet dykker er tatt opp som LivOGLyst eittårig prosjekt i 2014. Vedtaket gjev tilsegn på kr 70 000 for 2014. Kostnadsplanen må reviderast til eittårig.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Revidert kostnadsplan må leggjast ved.

Midlane kan nyttast til learing, breie mobiliseringstiltak og deltaking på nettverkssamlingar og kompetansetilbod i regi i LivOGLyst samt eigne prioriterte aktivitetar.

Tilsegna gjeld til 01.06.2015. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

#### I handsaming av søknad la styringsgruppa følgjande moment frå søknad til grunn for opptak:

##### 1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søker si beskriving av søknaden;

##### Bakgrunn

Utdrag frå søknaden;

*Både den lokale kystkulturen fra gammelt av, industrihistorien og den regionale litteraturen utgjør store ressurser som må tas vare på og utnyttes til stedsutvikling. I 2003 ble "Stiftinga Sunde kystkultursenter" etablert med det formål å samle inn og formidle kunnskap om kystkulturen i kommunen og regionen Sunnhordland. Litteraturen er "immateriell" kystkultur - en del av kystkulturen som UNESCO har satt på dagsorden - og dermed en viktig del her. Med bakgrunn i "Stadanalyse for Sunde" i 2004 sa Fylkeskommunen at Sunde sentrum har et miljø med kulturmiljøverdi. "Kystkultursenteret" har til tross for husløshet vært aktive med kystkulturdager og samarbeidsarrangementer med lokale lag og foreninger i mange år. I 2011 fikk de hus i båtbyggeriet Bergslagen og ble samtidig omdøpt til "Sunde Kyst- og Litteratursenter".*

##### Prosjektmål

Utdrag frå søknaden;

*Prosjektet er, slik vi ser, to-delt. På den ene siden dreier det seg om å utvikle hele bygda til en pulserende bygd på historisk og kulturell grunn, på den andre å etablere og drive Sunde Kyst- og Litteratursenter. Men vi ser også på senteret som navnet i utviklinga av bygda. Det vil gi ringvirkninger, og har til en viss grad allerede gjort det. Men målet er ett, det er en bred mobilisering av Sunde-bygda og etablering av framtidsrettet aktivitet.*

## j. Kulturoppslag om Bergslagen i lokalaviser

**– Heller her enn hos Skavland**

**Ein munter og slagferdig Jon Michelet gjesta Kvinnherad kulturfestival sitt litteraturseminar laurdag.**

Mannen med mursteinsukssessen «En sjøens helt – Skogsmatrosen» er ikkje skoren for tungebandet. For badevakt Atle Hansen fekk sagt så mykje meir enn at dei begge to er såpass stuttvaksne at det måtte vera det same om dei sat eller stod, tok Michelet ordet og festa blikket på Lars Amund Vaage som var blant tilhøyrarane:

– Gratulerer med Brageprisen og innstillinga til kritikarpisen! Det er fantastisk, og det er ikkje alle forfattarkollegaer eg unner slik framgang!

Ei så godt som fullsett stove i Bergslagen kviterte med varm applaus, både for Vaage og Michelet.

**Trefte blink**

– 2012 var eit gledeleg år for Oktober forlag som verkeleg har fått vind i segla. Det er kjekt for oss som er opptekne av den verkeleg gode, norske litteraturen, heldt Michelet fram for han trekte pusten.

Hansen nyttar høvet til å skyta inn ein replikk:

– 55.000 er eit svimlande opplag. Mine bokar plar gå i eit par hundre.

– Det gjorde mine øg for nokre år sidan. Eg trudde 5.000 var eit dristig opplag, men eg har tydelegvis trefte noko og det er

blitt ei folkebok. Det viktigaste har likevel vore å reisa eit monument for krigsseglarane!

– Det er både roman og historiebok. Kor mykje førearbeid gjorde du? Undra badevakt Hansen.

Michelet klukka litt for seg sjølv før han svart:

– Ingar Slettien Kolloen som skreiv bok om dronninga, gav meg eit råd: Når du reiser rundt og fortel om boka, di og får spørsmål om kor lenge du har jobba med henne, skal du svara «heile livet». Så då gjer eg det.

Etter at litteraturseminar-publikumet hadde knegra frå seg, utdypa Michelet svaret:

– Eg har sjølv vore til sjøs, og dei tre første kapteinane mine var krigsseglarar. Eg har også skrive krigsseglar-dokumentarar, lese krigsseglar-dagbøker og samla historier.

Og etter kvart som Michelet opplevde at boka vart ein suksess, kunne han ikkje dy seg i samtale med Kolloen.

– Eg sa til han: Håpar sjømennene mine skal gi dronninga di litt pes fram mot jul.

**Formaningar**

Då Michelet reiste til sjøs, fekk han klare formaningar frå mora:

– Ingen tatoveringer! Og ein ting til: Du skal senda eit langt brev frå kvar hamn du er i. Så korleis bli diktar? skratta Michelet, og fortalte om oppdikta brev med innhald om operabesøk og andre «skikkelege» aktivitetar.

Hansen vedgjekk at han hadde lurt på kva han skulle spørja Michelet om, ettersom suksessforfattaren må vera ein av dei mest gjennomintervjuate personane i det siste.

– Du har til og med vore på Skavland!

– Men det er mykje betre å vera her enn på Skavland, forsikra Michelet som likar seg best blant vanlege folk.

**Trilogi**

Under samtalene kom det elles fram at «En sjøens helt – Skogsmatrosen» vil få følgje av både bind to og tre. Mellom anna for å setja eit sterkare sjøkjelys på skandalen rundt Nortraship-fondet.

– Først i 1972 kom oppreisinga til krigsseglarane som var snytt for hyrene som hamna i Nortraship-fondet. Det var altfor seint – mange var døde! Dette er den nasjonale skamma! torna Michelet.

– Utan krigsseglarane sin innsats kunne me framleis ha vore under eit nazistisk regime!

**Vil gi noko tilbake**

– Salssukssessen har gjort meg til uforskyldt millionær, og eg vil gi noko tilbake, fortalte Michelet.

Han er i ferd med å oppretta eit fond som skal ha to formål: 1. Yta stønad til dokumentasjon av krigsseglarhistoria. 2. Yta stønad til dokumentasjon av historiene til dei nye veteranane i Norge, dei som har gjort teneste i Libanon, Afghanistan osb.

– Eg er sterkt imot Norge si deltaking i krigen i Afghanistan, men me må då likevel behandle veteranane skikkeleg! Mykje tyder på at Norge endå ein gong gir veteranane ei småleg behandling.

Trass hangen til sjølivet, er det ingen tvil om at Michelet (68) framleis har rikeleg med tørt krut på lager.

Jon Karl Sætre  
jon.karl@kvinnheringen.no

BOKBAD. Jon Michelet (t.v.) og badevakt Atle Hansen.



# Minna kulturen

**Sundag var eit kulturelt elitelag samla på Bergslagen.**

Tema for kulturminndagen 2013 var historias kvinner og menn, med Ragnvald Vaage som fokuspunkt. Men også kunstnarane frå samtidia fekk sin del av merksemda.

– Eg tykkjer det er ein god modell å jobba etter, meinte Hanne Bramness på vegne av arrangøren.

## Rå Riise

Om du kan velja mellom dei beste blant nynorskformidlarane, kjem ein ikkje utanom Hildegunn Riise. Då 54-åringen frå Strandebarm las dikt av Ragnvald Vaage, sat publikum som frose fast, intenst lyttande og saug til seg kvar verselinje.


Hauustumminga Riise sette i første diktet, vart forsterka av felespelet til Nils Økland. Ute piska vinden regnet mot vindauge, inne var det trygt og hult, og det slår ein at Ragnvald Vaage sjeldan har blitt formidla like godt.

Riise las mellom anna «Osp i furuskog», som er vidopen for tolkingar. I tillegg til humoristiske «Sanndøynd» fann Riise plass til to hyllingskvad, «Resslyngen» og «Sunnhordland», som må vera nasjonaldikt for regionen vår.

– Eg har aldri lese Ragnvald Vaage før. Det er stor og evigvarande diktning, sa Riise til Grenda etter ho var ferdig med si økt.

## Natur

Bergensfattaren Cecilie Loveland las frå si diktning, medan Hanne Bramness snakka



Hildegunn Riise og Knut Økland formidla Ragnvald Vaage på framførvis.

om «Porsvikfola» av Ragnvald Vaage.

Kulturminndagen vart avslutta av Per Olav Kaldestad i tospann med skotske Thomas A. Clark. Den utflyttu husnesingen har omsett og gjendiktta arbeida til sistnemnde.

– Me fann tonen med ein gong. Han likar Elvis Presley, og det gjer eg òg, fleipa han om fellesinteressene.

Føre ein tettpakka Bergslagen hadde dei ein samtale om Clark si diktning, om hans nærelik til naturen og korleis han prøver å flytte merksemda til publikum frå å vera teknologstøtta sjølvoppstatte, til å opna augo for naturen.

– Det er godt å snakka om poesi, men poesi er betre. Deretter las han og Kaldestad diktta hans, linje for linje vekselvis på engelsk og norsk.

Hanne Bramnes takka fortarane etterpå.

– Det vart strålende, som eg mistenkte, sa ho.


– Det er flott at folk stiltre opp. Eg får eit inntrykk av at dette gir dei noko. Det er

kunstnarar i toppsjiktet i landet som er her i dag, og eg vinar at me kan få til fleire slike arrangementer her i Bergslagen. For meg gitt dette inspirasjon til å jobba vidare med eit litteratursenter i desse lokalane, sluttar Bramness.

Håvard Saastrevik  
haavard@grenda.no



Hanne Bramness las frå «Porsvikfola» av Ragnvald Vaage.



Thomas A. Clark (t.v.) og Per Olav Kaldestad i samtale avslutta kulturminndagen.



# RAPPORT FRÅ FORPROSJEKTET

SUNDE KYST- OG LITTERATURSENTER